Øy nedre og øvre

med Øygardane gard og slekt

Av Knut Raastad, november 2026



Hjå skomaker Ole Olsen, i bakgrunnen Øy. Foto frå Kjell Andersen.

Øy nedre, uppigard (søre) ……..……. side 2
Øy nedre, nigard, gnr. 21 bnr. 1 …….. side 3
Damstugu – Volden …… side 8
Øvre Øy – Gardsøy, gnr. 22 bnr. 1 ……. side 15
Gardsøyvolden …… side 19
Øvre Øy – Haugøy, gnr. 22 bnr. 2 …….. side 23
Finnbrustugu – Haugøyjordet mm. ...…….. side 26
Øygardane, frå nedre Øy ……. side 32
Øygardane, frå nedre Øy uppigard ……. side 47
Øygardane, frå Gardsøy ……. side 52
Øygardane, frå Haugøy …….. side 57

Øy nedre, gnr. 21 bnr. 1

Øy nedre, uppigard (søre)

Oppsitjaren på uppigard nedre Øy i 1666 og 1668 var Thor Sylvesterson f.ca. 1604. Thord Øe vart også nemnd i koppskatten 1645. Øy var på 4 huder som tilhøyrde kongen, i tillegg var det ein engeplass 3 skinn som truleg var del av Kleiven (seinare nemnd som Vistekleiven). Thor hadde sonen:

Ole f.ca.1640

Kaptein Ole Brun fekk i 1671 skjøte på Øy med Kleiven engeland 4 huder 3 skinn frå assessor Nils Tolder, han kjøpte samtidig fleire andre gardar. Truleg budde han på denne garden.

Skoskatten 1711 nemnde Lars Øe. Lars f.1641 var frå Rudi son til Hans Larsen (kanskje Graffer) 1585-1672 og Anne Steinsdtr. Øy Rudi f.ca.1603?????? I 1719 var det skifte etter Lauris Hansen og Marit Ellefsdotter. Marit var frå Prestgard i Heidal. Lars og Marit hadde 4 barn:

Hans
Anne
Marit, neste brukar
Torø Larsdtr., g.m. Johannes Larsen Bolstad, på Haugøy, g.2.m. Anders Jakobsen Austrem

Marit var gift med Arne Svendsen Mo d.1743 son til Svend Bjørnsen Mo d.1697 og Gunhild Arnesdtr. d.1708. I skifte 1719 går det fram at Arne Svendsen har kjøpt Øy. Arne Svendsen vart truleg gift på nytt med Anne Larsdotter Øy d.1760 frå nigard nedre Øy dotter til Lars Olsen Øy 1609-1688 og Rønnaug Persdotter Valbjør f.ca.1620 d.etter 1695. I 1730 vart det nemnd at Arne Øy hadde rydda seg sæterbol i Randsverk der han kunne avle 2 lass høy. Arne hadde 2 barn:

Gunhild 1720-1803, ugift, broren Lars arva systera
Lars 1726-1812, neste brukar

Lars Arnesen 1726-1812 overtok etter foreldra. I 1755 la Lars Arnesen Øy attåt myr til sæterkvea si. Lars Arnesen Øy testamenterte Øy 4 huder 2 skinn og all formue til dei fattige i Vågå. I 1801 var 80 år gamle Lars nemnd som gardbrukar.

Liste over husmannspengar i 1780-1781 viser at Knut Øy da var brukar på uppigard nedre Øy. Dette må ha vore ein forpaktar hjå Lars Arnesen. Det er usikkert kven dette var, eit tips er Knut Johansen Mo 1739-1825 som seinare kom til Lye. Mor til Knut var syskjenbarn til Lars Arnesen.

Simen Poulsen Øy fekk ved auksjon i 1813 tilslaget på Øy skyld 4 huder 2 skinn for 3355 Rbd. Han hadde i 1802 kjøpt uppigard nedre Øy, og vart frå 1813 eigar av heile nedre Øy.

Kjelder:
Pål Øysten Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Valbjør
Digitalarkivet: panteregister
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Øy nedre, nigard

Sæter i søre Nysætra og Øyadalen.

Ola Larsen Øy f.ca.1570

Lars Olsen Øy 1609-1688 var brukar av Øy i 1666 og 1668, kongen eigde da 2 ½ hud 18 mrk fisk medan oppsitjaren eigde 2 huder. Koppskatten 1645 nemnde også Lars på Øy, og i 1664 vart han nemnd som gjestgjevar. Kaptein Olluf Brun fekk i 1671 skjøte frå assesor Nils Tolder på den delen som kongen hadde eigd. Lars var gift med Rønnaug Persdotter Valbjør f.ca.1620 d.etter 1695. Dei hadde 6 barn:

Erland f.1645 d.før 1695, gift
Iver d.1714, neste brukar
Ola 1648-1719, ugift
Eldri gift til Sve
Anne d.1760, g.m. Arne Svendsen Mo d.1743, på uppigard nedre Øy

Ivar Larsen Øy nedre d.1714 vart nemnd som brukar i 1711. Han var gift med Marit Svendsdtr. Mo. Marit vart gift på nytt med Knut Eriksen på Brimi. Ivar og Marit hadde dottera

Rønnaug Ivarsdtr. Øy f.1706

Rønnaug Ivarsdotter Øy f.1706 var gift med Knut Pålsen Tolstad 1697-1760 son til Pål Hansen Tolstad 1652-1739 og Anne Olsdtr. Rusnes 1678-1732. Knut Paulsen overtok i 1727 frå svigermora jordegods i Øy slik at han vart eigar av heile garden på skyld 4 huder 7 skinn 18 mrkr. fisk. Rønnaug og Knut hadde 8 barn:

Ivar 1728-1773, ugift
Pål 1729-1812, g.m. enka Marit Andersdtr. Blessom 1726-1801, Blessom, Øy og Glimsdal
Hans, neste eigar
Anne f.ca.1732 d.1820, g.m. Christen Pålsen Ellingsbø 1717-1793
Ola 1739-1796, g.m. Anne Olsdtr. Kleppe s. f.1754
Marit f.1743 g.m. Ola Jakobsen Aaseng, g.2.m. Syver Eriksen
Kari 1746-1822, g.m. Ivar Iversen Sandbu upp. nord 1739-1819
Anne f.1746, g.1776 m. Hans Eriksen Sandbu

Iver Knutsen pantsette i 1763 garden sin Øy 2 huder 7 skinn 18 mrk. fisk.
Men i 1767 var det enkja Rønnaug Ivarsdtr. som pantsette nedre Øy skyld 5 huder. I 1769 hadde Rønnaug betalt ut farsarven til barna Paul Knutsen, Hans Knutsen, Christen Poulsen, Ole Iversen, Iver Iversen Sandbu, Iver Knutsen Øy og Ole Knutsen Øy. Rønnaug selde og skjøta nedre Øy 6 huder til sonen Hans Knutsen for 3400 rd. i 1769.

Hans fekk skjøte på Øy, men selde garden til Syver Johannesen Sve i 1775. I 1776 (skjøte 1778) selde han vidare til Pål Knutsen Øy (bror til Hans), og Pål makeskifta Øy mot Glimsdal i Lom og flytte dit.

Jon Rasmussen Glimsdal f.ca.1723 d.1814 overtok i 1776 nedre Øy ved makeskifte i Glimsdal. Jon Glimsdal var son til Rasmus Jonson f.ca.1700 d.1768 frå Einarsvoll og Ingrid Gunnarsdtr. sygard Sandnes f.ca.1694 d.1777 (Ingrid var fyrst gift med Tord Olsen Glimsdal d.ca.1723). Jon Rasmussen vart 1761 gift med Torø Syversdtr. Sve f.ca.1741 d. 1824. Jon hadde før ekteskapet 2 barn:

Ola 1752-1755, mora var Marit Olsdtr.
Torgeir 1757-1758, mora var Ragnhild Torgeirsdtr. nigard Sulheim f.1734

Jon og Torø hadde 5 barn:

Rasmus f.1764, neste brukar
Gunhild f.1767, g.m. Tosten Pålsen Rottem
Ingrid 1771-1772
Syver f.1773, soldat
Ingrid f.ca.1778 d.1852, g.m. Ole Knutsen f.ca.1783 d.1866, til øvre Skår

Rasmus Jonsen Øy overtok i 1795 nigard nedre Øy med Jønndalen og Holongsøyen på 5 huder frå faren for 1999 rd. Rasmus Jonsen kjøpte i 1803 øvre Bjørnstad 2 huder for 1500 rd. og familien flytte dit. Rasmus vart i 1788 gift med Anne Rolvsdotter Skrinde 1763-1800, dei hadde 7 barn:

Thore f.ca.1788
Jon f.1790
Rønnog f.1791
Rønnog f.1792
Ingri f.1794
Gunild f.1796
Mari 1799-1800

Rasmus Jonsen selde i 1802 Øy med Jøndalen og Holongsøyen skyld 5 huder til Nils Guttormsen Graffer for 4500 rd. Nils d.y. Guttormsen Graffer f.1775, son til Guttorm Graffer 1734-1801 og Rønnaug Nilsdtr. Skrinde 1740-1801. Nils var gift med Toline Larsdtr. Andvord 1779-1847 i hennar tredje ekteskap, dei hadde ikkje barn.

Nils Guttormsen f.1775 selde i 1804 nedre Øy til Simen Poulsen Viste for 4500 rd. Simen Pålsen Tolstad Viste Øy 1767-1849 var son til Pål Hansen Tolstad 1736-1812 og Marit

Pålsdtr. Tofte 1733-1804. Simen kjøpte ca. 1797 nigard Viste. Simen vart gift med syskenbarnet Ragnhild Iversdtr. Fellese 1770-1848, dotter til Iver Christensen Fellese f.1735 og Anne Pålsdtr. Tofte f.1736. Simen og Ragnhild hadde 9 barn:

Anne f. 1795, g.1830 m. Øistein Pedersen Sandnes n. 1770-1844
Mari f. 1797, g.m. Pål Olsen Andgard (Dovre) f.1800, hans andre ekteskap
Pål 1799-1863, g.1848 m. Imbiør Eriksdtr. Siem f.1821 d.før 1865
Kari 1800-1841, g.1840 med Pål Olsen Angard, hans fyrste ekteskap, dei hadde dottera
Mari som vart gift til Håkenstad
Barbro 1802-1895, g.m. Hans Jonsen Valde n. f.1806, på nordgard Valde
Iver 1805-1856, det kan vera han som forpakta Viste i 1824, neste brukar
Guri 1808-1856, ugift
Tor 1809-1854, g.m. Anne Olsdtr. Viste uppigard f.1821, på nigard Viste
Hans 1811-1847, ugift, Sandnes

Iver 1805-1856 overtok nedre Øy etter faren. Han fekk skjøte frå Simen Paulsen og avdøde sønns bu i 1849. Iver vart i 1855 gift med Ragnhild Thorsdtr. Svare 1836-1858, dei hadde 1 barn:

Simon Hermann f.1856,

Før ekteskapet hadde Iver med Gunhild Jacobsdtr. Blessomeie dottera

Mari f.1852

Med Rønnaug Syversdtr. Ryen f.1820 hadde han sonen

Iver f.1853, Rønnaug budde i 1865 som ugift husmann på Volden under Øy

Enkja Ragnhild Thorsdotter 1836-1858 vart gift på nytt med Tore Hansen Soleglad 1824-1900 frå Dombås. Etter at Ragnhild døydde gifta Tore Soleglad seg i 1859 opp att med syster hennar Kari Thorsdotter Svare f.ca.1832 d.1860. Etter at ho døydde gifta han seg med ei tredje syster Anne Thorsdotter Svare 1838-1870. Tore Hansen som var veginspektør vart gift på nytt i Finnmark i 1871.

I 1865 var Christoffer Hole f.1820 d.før 1875 frå Lesja forpaktar på Øy nedre søre. I 1875 var familien som sjølveigarar på nørdre Stade. Christoffer og Marit f.1820 på Lesja hadde 6 barn, dei tre yngste vart fødde i Grytten:

Johan f.ca.1845
Mariane f.ca.1846 d.1867
Hans f.ca.1848
Benjamin f.1852
Jacob f.1854
Christoffer f.1860

I 1875 var Simen Hermann Øy brukar og eigar, og det vart opplyst at han har tiltrådt eigedommen siste året. Simen Herman Iversen Øy vart fødd i 1856 og vart eigar av Øy etter faren som døydde same året som Simen vart fødd. Bestemora Kari Pedersdotter styrde huset i 1875 medan stebestefaren Ole Iversen Svare f.1818 også budde der samtidig med at han var eigar og brukar av Svare. Simen Hermann reiste til Oslo i 1887 og seinare til USA.

I 1877 vart søre og nedre Øy samanføyd i eitt gnr./bnr. I 1882 var det salgsbrev frå Simen Øy til Paul Hansen Øy på nedre Øy for 48000 kroner, skjøte vart tinglyst i 1883. Paul Hansen Øy hadde også Gardsøy og nedre Bjørnstad. I 1883 fekk lensmann Listad og Kristen Ellinsbø pant (skadesløsbrev) i nedre Øy og nedre Bjørnstad for kr 22000, og i 1888 tok Vågå sparebank utlegg i båe gardane for kr 20525.

Lensmann Edvard Listad overtok nedre Øy, truleg i 1889, og i 1890 tinglyste han ein låneobligasjon på 16000 kroner. I folketeljinga i 1900 var Edvard Listad f.1843 lensmann og gardbrukar på Øy søre nedre, han var fødd på Lillehammer. Syster hans Inga Hanestad f.1861 var husbestyrarinne.

I 1908 var det auksjonsskjøte på nedre Øy gnr. 21 bnr. 1 til Iver Jøndal 1872-1938 frå Dovre for kr 31200,-. Søre Øyvolden gnr. 21 bnr. 6 vart frådelt i 1907 med skjøte i 1908 frå Iver Jøndal til Anne Bjørndal for kr 7875, dette har sidan følgd Sve. Bustykket gnr. 21 bnr. 8 vart frådelt frå nedre Øy i 1907 med skjøte til Nils Amundsen i 1908 for kr 2300, dette vart dermed saman med nørdre Blessomøyen. Iver var gift med Kari Lunde nordgard 1877-1943 dotter til Johannes Hansen Lunde 1836-1922 og Marit Olsdtr. Svare 1849-1937. Iver og Kari hadde 4 barn:

John 1905-1997, neste brukar
Simen 1907-1981, g.m. Ragnhild Bergestuen
Kristian 1910-1994, g.m. Ragnhild Garstad
Oskar f.1912, g.m. Hanna Holen f.1913. På Solbu som vart utskild frå Øy som eit eige gardsbruk.

John Jøndal fekk skjøte frå mora i 1942. Han vart i 1942 gift med Arnbjørg Garstad 1901-1964 frå Vang i Valdres. Jon vart gift på nytt i 1968 med Synnøve Askestad Andersen f.1908 frå Strømmen på Romerike.

Forpaktarar 1960-1976 var Olaf Nordgård g.m. Agnes Remmen 1919-1982 båe frå Marstein i Romsdal. Dei hadde 7 barn:

Astrid f.1943
Gunn f.1947
Magnhild f.1951
Odd Arvid f.1952
Geir f.1958
Knut f.1959
Nils f.1961

Forpaktarar 1976-1982 var Ola Magne Hjellum f.1946 g.m. Solvor Svendsen f.1946 frå Sør-Fron. Dei hadde 3 barn:

Sjur Ivar f.1969
Gunn Kari f.1972
Ola Simen f.1974

Forpaktarar 1982-1987 var Ola Lusæter f.1956 og Liv Mari Rindsæter f.1960, dei har sonen:
Lars André f.1984

Forpaktarar 1987-1991 var Joar Randen f.1963 g.m. Else Marie Mork f.1965, dei har 2 barn:
Randi Merethe f.1983
Asgeir f.1987

Etter at Synnøve Jøndal vart borte har familien etter Oskar Jøndal f.1912 g.m. Hanna Holen f.1913 overteke Øy. Kari Jøndal f.1946 g.m. Ragnar Bjertnæs f.1946 har døtrene Ragnhild f.1985 og Mari f.1986. Ragnhild Jøndal Bjertnæs fekk skjøte på Øy i 2012.

Roe gnr. 21 bnr. 13 Vågåvegen 25 vart frådelt frå Øy i 1933 med skjøte frå I J Jøndal og hustru til lensmann K I Haugen for kr 2000,-. I 1967 var det skjøte frå K I Haugen til Asbjørn Kvitrud. I 1979 var det skjøte til Hans Knutsen f.1941.

Kjelder:
Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Tolstad
Jon Kolden, 2007: Bygdabok for Lom bind 4
Bygdabok for Dovre
Digitalarkivet: panteregister
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Solbu

Øvre delen av jordet på Øy vart i 1942 frådelt som Solbu gnr. 21 bnr. 19 som eit nytt gardsbruk med skjøte frå Kari Jøndal til sonen Oskar Jøndal, verdi vart sett til kr 5000,-. Oskar f.1912 var frå Øy, son til Iver Jøndal, Dovre 1872-1938 og Kari Lunde nordgard 1877-1943. Oskar vart 1945 gift med Hanna Holen f.1913 dotter til Knut Haugen og Ragnhild Holen. Oskar og Hanna hadde 1 barn:
Kari Ingebjørg f.1946, neste brukar

Kari overtok i 1975, ho vart 1977 gift med Ragnar Bjertnæs, Ringerike f.1946 son til Håkon Bjertnæs f.1912 og Gudveig Bjertnæs, Jevnaker f.1910. Kari og Ragnar har 2 barn:
Ragnhild f.1985, til Øy
Mari f.1986

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Damstugu

Ole Pedersen var i 1801 husmann utan jord under nedre Øy. Olef.ca.1773 d.1849 vart 1790 gift med Rannej Olsdotter f.ca.1759 d.1842. Mor hennar Ingri Larsdtr. F.ca.1741 budde på plassen i 1801. Da Rannei døydde i 1842 var ho kårkone i Damstugu under Øy. Ole og Rannei hadde 2 barn:

Ole f.1791, neste brukar
Peder f.ca.1795

Ole Olsen Øjseiet f.ca.1789 d.1857 vart 1819 gift med Anne Nilsdotter Øjseiet 1796-1861. Ved barnefødslar vart dei nemnde som Øjseie frå 1819 og som Damstuen frå 1834, men dette kan vera det same. Ole og Anne hadde 7 barn:

Rannej f.1819
Mari f.1822
Mari 1825-1898, g.m. Knut Jakobsen Ruskeløkken 1825-1891
Ole f.1828
Ole f.1829, neste brukar
Ingri f.1834
Anne f.1841

I 1865 og 1875 var Ole Olsen Damstuen f.1829 husmann med jord. Ole vart 1854 gift med Anne Larsdotter Lundeeie f.1830, dei hadde 12 barn:

Ole f.1855
Anne 1856-1857
Kari f.1858
Anne f.1859
Hans f.1861
Eline f.1863
Anders f.1865
Lars f.1868
Kristoffer f.1870
Mari 1873-1874
Ole 1875-1878
Mari 1878-1878

Ein annan Ola Damstuen dreiv Damstugu frå 1902. Ole Brekken Damstuen f.1871 var i 1910 snekker og husmann, han var gift med Rønnaug Skjellum f.1875. Ole og Rønnaug hadde 10 barn:

Johannes 1898-1984, neste brukar
Anna f.1900, g. Randen
Iver f.1903
Ola f.1905
Johan f.1907

Hans f.1908
Imbjør f.1910
Inga g. Bråten
Barbro g. Eide
Ragnhild g. Randen

Johannes Damstuen overtok etter mora i 1944. Damstugu gnr. 22 bnr. 17 som er der bustadhuset står vart frådelt frå Gardsøy i 1934 med skjøte frå Mari Øi til Johannes Damstuen d.e. for kr 200. Johannes var gift med Eline Øvre 1905-1992, dei hadde 1 barn:
Randi 1935-1996

Randi Damstuen overtok etter faren i 1990. Da vart Damstugu gnr. 21 bnr. 48 frådelt frå Øy gnr. 21 bnr. 1.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Nuggeflate gnr. 66 bnr. 52, Nuggevegen 15 vart frådelt frå Damstugu i 1992 med skjøte til Inger Mette Landheim f.1965 og Ole Anton Tøfte f.1961.

Led gnr. 21 bnr. 53, Nuggevegen 13 vart frådelt frå Damstugu i 1992 med skjøte til Gunhild Mo Øygarden f.1927 og Kristen Øygarden f.1927.

Volden

Under Øy gnr. 21 bnr. 1

Rønnaug Syversdotter Ryen f.1820 var i 1865 og 1875 husmann med jord. Rønnaug var dotter til Syver Andersen Sve 1789-1855 og Tore Larsdtr. Hovde f.1797. Rønnaug var ugift og hadde med eigaren på Øy, Iver Simensen 1805-1856 1 barn:
Iver Iversen f.1853

Kjelder:
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Digitalarkivet: folketeljingar
Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, Tolstadslekten

Volden

Under Øy gnr. 21 bnr. 1

Lars Christensen Øiseiet f.ca. 1806 var son til Christen Knudsen Øiseiet Fyrustugu. Lars vart 1838 gift med Mari Jacobsdotter Skjennaeiet, Sel f.ca.1813 dotter til Jacob Olsen Daleeiet. Lars og Mari budde på Skjellum, Krokum og Brustugu, før dei i 1847 var på Øiseie som kan vera her. Pål Flatum meiner at dette låg sør for Volden gnr. 21 bnr. 2. I 1865 budde Lars og Mari på Blessomeie, han var da landhandlar utan jord. Lars og Mari hadde 5 barn:

Peder 1837-1839
Christen 1840-1896, neste brukar
Peder 1842-1850
Guri f.1845, på Volden i 1865
Jacob f.1847, på Volden i 1865

Kristen Larsen 1840-1896 var i 1865 og 1875 husmann utan jord, i 1875 murar og minerer. Kristen vart 1866 gift med Mari Paulsdotter Bakken Keggrudeie, Heidal f.ca.1830 d.1920 dotter til Paul Arnesen Keggrudeie. Kristen vart nemnd som Flatum i 1894, men var truleg kome der før. Kristen og Mari hadde 4 barn:

Mari f.1864
Kari f.1868, g.m. Clark, til England
Paul f.1871, g.1894 m. Anne Johannesdtr. Sveen f.1866, til Flatum
Johan f.1873, g.1915 m. Ragnhild Syversdtr. Dalestuen f.1865, g.2.1924 m. Marit J Skjellum f.1884, til Odden

Kjelder:
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Digitalarkivet: folketeljingar, kyrkjebøker
Ivar Viste Flatum, Årbok for Gudbrandsdalen 2007: Renessansemennesket på Klones

Øyløkken og Volden

Gnr. 21 bnr. 2

I artikkel om offiserar i Vågå står det at Ulrich Freiderich Storm Abelstad bygsla plassen Wolden under Øy, det kan ha vore her. Abelstad var kaptein i Vågske komani frå 1803, han døydde i 1808 på Volden. I 1807 går det fram at kaptein Abelstad hadde Sundlien. Før Vågå var han i Danmark, Fron, Hedmark og Ullensaker, i 1801 budde familien i Løten. Ulrich Freiderich Storm Abelstad, Nittedal 1759-1808 var son til major Hans Abelstad og Sofie Magdalena Storm. Abelstad vart 1788 gift med Anne Maria Finckenhagen, Brevik 1763-1839 dotter til prest i Slidre Niels Finckenhagen og Christine Lund. Ulrich og Anne Marie hadde 8 barn, bl.a.:

Christiane Sophie 1788-1854, g.m. Johan Cornisch Heyerdahl g.2.m. Christian O Haukebøl
Hedevig Nicolaia 1790-1872 g.m. Niels Gran
Louise Maria 1792-1793
Hans Christian 1793-1846 g.m. Margrethe Akermand, g.2.m. Marha Anne Einarsdotter Uldricha f.ca.1800
Johan Henrik 1802-1841 g.m. Olea Due

Øiløkken og Volden vart overdrege frå fattigkommisjonen til krigsråd A M Lundh i 1820. Fattigkomisjonen fekk i 1812 uppigard (søre) Ner-Øy ved testamente i 1812, og garden vart seld i 1813. Men det ser ut til at to jordstykker Øylykkja og Øyvolden ikkje følgde med, desse vart i 1819 frådelte som 3 skinn av matrikkelen på Øy. Andreas Molbech Lundh 1787-1867 var son til kapellan i Fron Peder Gregersen Lundh 1789-1827. Andreas var gift med Anne Marie Bjerregaard 1793-1878 dotter til sorenskrivar Mads Bjerregaard 1761-1831. Andreas og Anne Marie budde på Kræmarsandbu og Øiløkken/Volden. I 1865 budde dei på Volden som da vart registrert som ei eige eining, men som kanskje var ein føderådsdel av Øyløkken/Volden. Andreas og Anne Marie hadde 12 barn (alle med etternamn Lundh):
Peder Wilhem 1814-1814
Mads Bjerregaard 1815-1856, gm. Guri Johannesdtr. Sæta f.ca.1826, ho til Christiania 1856
Anne Marie 1817-1867
Petter Halfdan 1820-1886, neste brukar
Sverre 1823-1855
Alette 1825-1835
Reidar 1827-1828
Reidar f.1829, g.m. Mari Olsdtr. Sandbu f.1836, til Blessom-Øyen
Barbra Margrethe 1831-1831
Andrea 1832-1850
Henrik Anker 1833-1901
Thorvald 1839-1891

I 1855 var det skjøte frå A M Lundh til sonen Peter Lundh for 350 spd. Petter Halfdan Lundh 1820-1886 vart 1850 gift med Imbjør Runningen 1821-1871 dotter til Johannes Christensen Runningen og Ragnhild Martinsdtr. Petter og Imbjør hadde 8 barn (alle med familienamn Lundh):
Anne f.1845
Ragnhild f.1848
Andreas Molbech 1851-1930
Johannes f.1852
Aletta Dorthea f.1855
Henrik Bjerregaard f.1858
Andrea Marie 1860-1917
Petronelle Elisabeth f.1863

I 1875 var det skjøte frå Peter Lundh til Hans Hole for 970 spd. Roplassen gnr. 21 bnr. 7 vart frådelt frå Øi i 1907 og med skjøte til Hans Chr. Hole i 1910 for kr 2000. Hans

Christophersen Hole 1849-1929 var son til Christoffer Hole f.1820 d.før.1875 og Marit f.1820 frå Lesja. Hans vart 1873 gift med jordmor Anne Iversdotter Hole, Skjåk 1842-1913. Før 1875 var dei på Øy der foreldra hans forpakta garden. Hans og Anne hadde 5 barn:

Christopher f.1873, neste brukar
Ragnhild f.1875
Marit f.1877
Magnhild 1879-1894
Inga Marianne f.1883



Volden / Stykket. Foto frå Erik Holø.

I 1916 var det føderådsbrev frå Kristoffer Hole til Hans Chr. Hole. Same året var det skifte i buet etter avdøde Marit Hole og attlevande mann Kristoffer Hole. Marit Hole f.1882 var frå Skjåk. I 1931 fekk Kristoffer H Hole skjøte frå Hans Holes samtlige arvingar for kr 5713. Marit og Kristoffer hadde 2 barn:

Aslaug 1905-1999, neste brukar
Magnhild f.1909

Kristoffer Hole vart 1916 gift på nytt med Guri Steinarsdotter Storvik m. f.1875.

I 1931 var det skjøte frå Kristoffer Hole til svigersonen Gustav Fjerdingren for kr 9500 inkl. lausøyre. Aslaug Hole 1905-1999 var gift med Gustav Fjerdingren 1896-1977 son til Christen Gudbrandsen Fjerdingren 1864-1952 og Marit Olsdtr. Ekre 1873-1961. Aslaug og Gustav hadde 4 barn:

Magnhild f.1928, neste brukar
Kjellfrid f.1931
Åse f.1934
Marit f.1944, g.m. Arne Bjørnstad

Magnhild f.1928 vart 1954 gift med Erik Holø f.1928 son til Andreas Holø, Lom f.1895 og Erikka Bergdølmo, Heidal f.1903. Erik Holø overtok etter svigerfaren i 1963. Magnhild og Erik har 3 barn:

Astrid f.1955,g.m. Brian Anthony Farrely
Kristoffer f.1958, neste brukar
Gorm f.1960, g.m. Bente Ertsgaard

Kristoffer Holø er gift med Reidun Marie Rannstad, dei har 1 barn:

Marie f.1990

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar
Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, Tolstadslekten
Gunnar Ottosen og Knut Raastad, Jutulen 2012: Bjerregaard og Lundh i Vågå
Gunnar Ottosen, Jutulen 2017: Offiserer nevnr/bosatt i Vågå 1625-1882
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Volden – Stykket

I 1865 var Gudbrand Olsen f.1819 husmann utan jord på Volden, i 1875 var han inderst og dagarbeidar og registrert som hushaldning nr. 2 på Øiløkken og Volden. Gulbrand Olsen Lien son til Ole Gulbrandsen Lien vart 1850 gift med Ingeborg Hansdotter Øiseie f.1826 dotter til Hans Hansen Øiseie. Gulbrand og Ingeborg vart ved fødslar nemnd på nedre Øiseie frå 1849 og på Stykket frå 1859, men truleg er dette same plassen. Dei hadde 8 barn:

Ole f.1849, til Øksnes i Nordland
Mari f.1851, til Fræna
Anne f.1854, til Fræna
Hans f.1859, til Amerika. Hadde med Anne Skjellhaugen 1859-1955 sonen Hans f.1881
Iver 1861-1863
Iver 1863-1943, til Amerika 1884, g.m. Anne Olsdtr. Barbrostugu 1868-1960.
Imbjør 1863-1868
Anders f.1868

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Digitalarkivet: folketeljingar

Volden under Volden

I 1865 og 1875 var Anders Larsen f.1832 husmann utan jord under Øyløkken/Volden. Det er ikkje kjend akkurat kvar dette var, men husmann utan jord betyr at det var ei stugu på grunnen til Volden. Anders Larsen Sandbueie var son til ugifte Lars Christensen Skjellum og Marit

Larsdtr. Qviten. Anders vart 1860 gift med Brit Olsdotter Blankenborg f.1832 dotter til Ole Olsen Blankenborg og Brit Jakobsdtr. f.ca.1807. Anders og Brit var ved barnefødsel på Sandbueie i 1860 og frå 1864 på Volden under Stykket. Anders og Brit hadde 5 barn:

Syver f.1857, utflytt til Strinda 1880
Kari f.1859
Mari f.1864, utflytt til Trondhjem 1885
Ragnhild f.1868, utflytt til Trondhjem 1883
Ole f.1873, utflytt til Meråker

Kjelder:
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Digitalarkivet: folketeljingar

Volden

I 1865 var den ugifte Ymbjør Andersdotter f.ca.1833 husmann utan jord under Øyløkken/Volden. Ho hadde 2 barn:

Rannveig Thoresdotter f.ca.1857
Thor Olsen f.ca.1863

Kjelder:
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Digitalarkivet: folketeljingar

Møllbakk gnr. 21 bnr. 15, nå Vågåvegen 30, vart frådelt frå Øy med skjøte i 1939 til O P Haakenstad. Sonen Trygve overtok i 1957, og sonen hans, Steinar Håkenstad overtok i 1984. Det var mølla som stod her. Gnr. 21 bnr. 43, nå Industrivegen 25, vart frådelt frå Møllbakk med skjøte frå Trygve Håkenstad til dottera Åse Håkenstad i 1984.

Simenrud gnr. 21 bnr. 18, nå Vågåvegen 28, vart frådelt frå Øy med skjøte i 1942 frå Kari Jøndal til sonen Simen Jøndal d.1981. Enkja Ragnhild fekk tinglyst uskifte i 1981 og sonen Kåre overtok i 1992. Gnr. 21 bnr. 60, Industrivegen 19, er frådelt seinare.

Grønvold gnr. 21 bnr. 21, Industrivegen 1, vart frådelt frå Øy i 1945. I 1953 var det skjøte frå John Jøndal til broren Kristian Jøndal f.1910. Det er i ny tid bygd fleire bustader på tomta med adresser Industrivegen 7, 13 og 15.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister

Øvre Øy – Gardsøy, gnr. 22 bnr. 1

Ivar Åsmundson på Sandbu var eigar av Gardsøy. Han hadde sønnene
Pål
Sjugurd
Ola

Etter noko bytte vart Sjugurd eigar og brukar av Gardsøy (1630-1663), koppskatten 1645 nemnde Siver. Syver 1595-1675 var gift med Gunhild Trondsdotter Valbjør f.ca.1600 skifte 1687, dei hadde 6 barn:
Tjøstol 1632-1695, neste brukar
Iver f.1649 d.etter 1695
Eli f.ca.1640/45 d.før 1695
Barbra d.etter 1695
Jungeleff d.etter 1695
Maritt d.etter 1695

Tjøstol Syversen 1632-d.ca.1695 overtok etter faren. Tjøstol hadde ikkje barn.



Gardsøy. Foto frå Hans Joramo.

Eigar frå 1695 var Sjugurd Jakobsen Valbjør d.1720, son til Jakob Gunnarson Fellese og Eli Persdtr. Valbjør (Gunhild Trondsdotter 1600-1687 var tanta til Eli Persdotter). Syver Jakobsen var gift med Kari Nilsdtr. Øy d.1714, dei hadde 3 barn:

Syver f.ca.1697, neste brukar
Eli f.ca.1702
Ingrid f.ca.1709

Syver Syversen f.ca.1697 d.1752, g.m. Anne Pedersdtr. f.ca.1694 d.1780. Syver fekk i 1721 skjøte på 1 hud i Øy for 125 rd. frå Ingebor Olsdtr. som var utlagt til henne på skifte, han eigde før 6 skinn og vart dermed eigar av 1 ½ hud. I 1722 fekk Syver feste på 1 hud med bygsel frå Jon Kleppe, og i 1736 fekk han skjøte på dette frå Tjøstel Jonsen Kleppe og syskjena hans. Så i 1738 fekk Syver skjøte på 6 skinn i øvre Øy frå systrene sine Ingrid Siversdtr. og Eli Siversdtr., jord som dei hadde ervt etter skiftebrev i 1714. Syver og Anne hadde 2 barn:

Kari f.1723, neste brukar
Marit f.ca.1743

I 1751 selde og skjøta Siver Siversen Øy garden sin Øy skyld 2 ½ hud med Skårvang engeland skyld 2 skinn for 700 rd. til svogeren (må vera svigersonen) sin Peder Lassesen, Siver og kona Anne skulle ha føderåd. Kari Syversdotter f.1723 var g.1.m. Nils Pedersen Berstad d.1744 frå Stryn, klokkar i Vågå, dei hadde 1 barn:

Marit f.1744, g.m. Kristen Jakobsen Stadheim f.1734

Kari Syversdotter vart g.2.m. Per Lassesen Ringdal, Stranda 1718-1780, dei hadde 7 barn:

Nils 1749-1814, g.m. Marte Knutsdtr. Ringdal 1749-1814
Lars f.1751
Syver 1753-1839, g.m. Marte Knutsdtr. Korsbrekke 1753-1817
Malene f.1756, g.m. Arne Arnesen Ljøvik f.1756 Stranda
Amund 1759-1822, g.1.m. Sisilie Larsdtr. Hellesylt 1757-1803, g.2.m. Malene Klementsdtr. Kirkeeide 1763-1829
Anne f.1761, g.m. Ole Ivarson Tryggestad f.1756, Stranda
Peder 1763-1765

I 1753 var det skjøte på øvre Øy skyld 2 h 6 sk til sorenskrivar Carsten Haurids som hadde betalt til Peder Lassesen dei 1340 rd. dei var samde om i 1752. Carsten Hauritz 1714-1761 var sorenskrivar 1751-1761, han var son til Maren Tostensdtr. og Nils Hauritz 1684-1757 som var sorenskrivar 1731-1751. Carsten vart 1743 gift med Anne Sophie Munch d.ca.1761 dotter til presten Anders Munch 1668-1737 og Else Cathrine Stockfleth 1672-1757. Anne Sophie var fyrst gift med Jacob Jacobsen Schmidt d.1742 (bror til Henrik), Anne og Jacob hadde 1 barn:

Else Christine, g.m. Bernt Bredahl, hytteskrivar

Etter at Haurits døydde vart øvre Øy i 1762 seld til Markus Mecklenborg, han var Kongeleg Holtz Førster for Nord-Gudbrandsdalen.

Markus Mecklenborg selde i 1767 Gardsøy til Torstein Ivarson for 2100 rd. Torstein Håkenstad f.1707 var frå nordgard Kleppe, son til Ivar Torsteinsen Kleppe 1652-1729 og Guri Olsdtr. Hjelle, Dovre 1664-1751. Torstein var gift med Kari Torsdotter Lunde s.

Torstein Håkenstad selde i 1776 Gardsøy til Lars Johansson på uppigard øvre Øy. Lars pantsette i 1776 båe Øver-Øy-gardane som 6 huder. Lars Johannessen Øy (Haugøy) f.ca. 1717 d.1802, son av Johannes Larsen Bolstad og Tora Larsdtr. Øy nedre. Lars g.1.m. Kari Iversdtr. Kvarberg n. 1721-1753, dei hadde 2 barn:

Johannes 1745-1749
Johannes f.1751 (truleg død før 1766)

Lars g.2.m. Torø Hansdtr. Valde n. d.1758, dei hadde 1 barn:

Kari f.1755

Lars g.3.m. Åste Tjøstolvdtr. Kleppe s. f.ca.1731 d.1802, dei hadde 5 barn:

Imbiør 1761-1851, g.m. Nils Fredriksen Strand n. 1764-1854, på Strand n.
Anne 1763-1850, neste brukar
Johannes 1766-1842, g.m. Barbro Tordsdtr. Harildstad 1769-1816, på Haugøy
Rønnaug 1769-1844, g.1792 m. Pål Tordsen Harildstad 1764-1843 (Eidsvollmann), Åmot
Tora f.ca.1774, g.m. Iver Iversen Sandbu n-n 1769-1847, på Sæta

Gardsøy ser ut til å ha vore bortleigd ei tid. Ved eit skifte i 1795 var Tord Iversen på Øvre Øy, og det vart da opplyst at Ole Tordsen Øy eller Merringsdalen var eigar av øvre Øy. Tord Iversen Sandbu nordgard 1741-1795 var son til Ivar Olsen nordgard Sandbu f.1702 d.ca.1782 og Sigrid Persdotter Faukstad s. f.ca.1715. Tord var gift med Ragnhild Olsdotter Skårvangen f.1744 d.ca.1790. Tord og Ragnhild hade 3 barn:

Iver 1773-1854, g.m. Mari Andersdtr. Tessnes 1773-1859. Til sygard Svare.
Imbiør f.1775
Kari 1780-1852, g.m. Ole Jonsen Sundjordet f.ca.1769

Anne Larsdotter 1763-1850 vart 1780 gift med Ole Tordsen Harildstad 1758-1831 son til Pål Hansen Tolstad 1736-1818 og Berte Syversdtr. Aasaaren 1739-1772. Ole Tordsen fekk skjøte på 3 huder i Gardsøy i 1789. Anne og Ole hadde 8 barn:

Tord 1780-1838, g.1.m. Kari Olsdtr. Lunde nig. 1758-1822,
g.2.m. Anne Pålsdtr. Storvikseie f.1798, Tord overtok nordgard Storvik frå faren i 1810, og var føderådsmann på Storvik da han døydde i 1838.
Hans 1784-1875, neste brukar
Berthe f.1788 d.mellom 1832 og 1850, g.m. Ole Andersen Prestgard f.1779, til Romsdalen i 1829
Lars f.1790 d.før 1832, ugift
Syver 1792-1875, g.1820.m. Eldri Olsdtr. Storvik s. 1791-1850, kjøpte Faukstad nørdre
Ole 1796-1818
Pål 1799-1842, g.m. Anne Christensdtr. Ellingsbø 1801-1866, overtok Storvik n. etter broren i 1825.
Barbro f.1806, g.m. Knut Olsen Svareplassen f.1813, i 1865 i Siemsbakken

Ole Tordsen Harildstad 1758-1831 gjorde i 1810 makeskifte med klokkar Anders Viborg Jonsen Storvik 1775-1830 slik at Anders Viborg overtok Gardsøy for 2000 rd. og Ole Harildstad overtok nordgard Storvik. Eldste sonen Tord Olsen overtok like etter Gardsøy frå Anders Viborg for 2600 rd., men same året overtok nesteldste sonen til Ole, Hans Olsen, Gardsøy frå broren for 1000 rd.

Hans Olsen Øy 1784-1875, g.m. Barbro Pålsdtr. Blessom n. 1795-1869 dotter til Pål Pålsen Tolstad 1763-1847 og Rønnaug Eriksdtr. Blessom 1759-1847. Tørrstugulykkja er ½ hud som vart overteke frå Haugøy (åker og eng som låg sør for Nugga), Hans Olsen Øy kjøpte dette i 1815 for 800 rbd. av onkelen Johannes Larsen på Haugøy. Hans og Barbro hadde 5 barn:

Anne f.1817, g.m. Tor Olsen Viste m. f.1815, på Einangen i 1865
Ola 1820-1884, g.1857.m. Ingebjørg Syversdtr. Øy Faukstad 1831-1917, overtok Mæringsdalen på Murudalen som før dette vart brukt som sæter til Gardsøy
Pål 1824-1921, neste brukar
Thor 1826-1841
Rønnaug 1831-1921, g.m. Iver Hansen Lunde u. f.1819, selde uppigard Lunde til nigard.

Pål Hansen Øy 1824-1921 overtok etter faren i 1857. Pål var gift med Mari Kristensdotter Bjørnstad n. 1836-1903, dotter til Kristen Pålsen Bjørnstad 1796-1866 og Anne Olsdtr. Sandbu u-s 1806-1885. I 1865 budde familien på nedre Bjørnstad, medan systera Rønnaug var hushaldar på Gardsøy. I 1875 var familien på Gardsøy, men den eldste dottera Anne var da på Bjørnstad. Pål og Mari hadde 3 barn:

Anne f.1858, g.m. Ola Knutsen Stokstad f.1854, til USA
Pål 1859-1859
Mari 1872-1946, neste brukar

Mari 1872-1946 ved verge Kristen Storvik (Ellingsbø, syskjebarn til faren Pål) overtok etter faren i 1884, kjøpesummen var kr 6265. Pål måtte også selja Bjørnstad og Ner-Øy denne tida. Mari var gift med Jakob Hansen Tho 1869-1922 son til Hans Iversen Taug f.1844 og Guri Johannesdtr. f.1848. Mari og Jakob hadde 1 barn:

Anne 1892-1969, neste brukar

Anne 1892-1969 overtok Gardsøy etter mora i 1946. Anne var ugift og testamenterte Gardsøy til gamleheimen i Vågå.

Eigar 1970-1993 var Vågå kommune v/Vågåheimen.

Einar J Bakken f.1936 kjøpte Gardsøy i 1993, og har brukt jorda i tillegg til Skålen der familien bur. Husa på Gardsøy vart seinare frådelt og seld til fortidsminneforeninga som seinare selde til Edel Aas og Terje Marstein.

Kjelder:
Pål Øysten Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slektene på Tolstad, Valbjør, Kleppe
Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Ivar Teigum, Årbok for Gudbrandsdalen 2011: Eit statussymbol i Vågåkyrkja
Gunnar Ottesen, Jutulen 2009: Sorenskriver i Nord-Gudbrandsdalen
Gunnar Ottesen, Jutulen 2011-2012: Prester i Vågå sogn
Ola Magne Svare: om Tor Iversen 1741-1795

Volden

Under Gards-Øy gnr. 22 bnr. 1

I 1900 budde den ugifte Gunhild Volden f.1844 på Volden under Gards-Øy. Ho budde saman med dottera Ragnhild dottersonen Johan. Gunhild Jacobsdotter Sveeie f.1844 hadde med John Larsen Vistekleiven f.1859 2 barn:
Rønnoug f.1879
Ragnhild f.1880

Ugifte Ragnhild f.1880 hadde med Anders Olsen Sveen f.1880 1 barn:
Johan f.1900

Kjelder:
Digitalarkivet: folketeljingar
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gaardsvollen

Under Gards-Øy gnr. 22 nr.1

I 1900 var Johannes Syversen Dalestuen 1854-1926 busett på Gardsvollen. Johannes var son til Syver Nilsen Dalestugu 1828-1904 og Guri Johannesdtr. Runningen 1826-1912. Johannes var gift med Marit Johannesdotter Blindstugu, Sel 1855-1931 dotter til Guri Andersdtr. Blindstugu og Jehans Hansen Berget. Da Guri døydde i 1920 vart det opplyst at ho var fødd i Damstugu, dermed ser det ut til at dei budde i Damstugu eller i ei stugu like ved. Johannes og Marit hadde 3 barn:
Syver f.1880
Ymbjøer 1899-1976, g.m. Torstein Olsen Steinstugu 1895-1972, til Flaten
Guri 1899-1920

Kjelder:
Digitalarkivet: folketeljingar
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Jakup Skjedsvoll: notat om Jehans Dalestugu

Gaardsvolden

Under Gardsøy gnr. 22 bnr. 1
I 1900 var dette nemnd som Gaardsvolden, i 1910 hus ved Nugga. Ole Olsen 1857-1940 var skomaker, han var frå Skomakerstugu undr nørdre Svare. Ole var g.m. Anne Syversdtr. Sveaholen 1861-1950 dotter til Syver Pålsen Sve 1808-1869 og Anne Olsdotter Øyagarden 1827-1893. Dei dreiv også kafe. Ole Olsen og kone fekk i 1900 husmannsfeste på eit jordstykke frå Gardsøy. I 1913 vart Gaardsvolden frådelt frå Gardsøy som gnr. 22 bnr. 6 med skjøte til skomaker Ole Olsen for kr 200,-. I 1915 fekk han skjøte på eit jordstykke Vold gnr. 22 bnr. 7 frå Haugøy for kr 95,-, og i 1931 fekk han skjøte på Volden 2 gnr. 22 bnr. 15 frå Haugøy for kr 684,-, dette utgjorde 274 kvm. Ole og Anne hadde 1 barn:

Ragnhild Olsen f.1897, ugift

Ragnhild Olsen overtok i 1953. I 1955 var det skjøte til Ole K Randen 1900-1964. Ragnhild Randen fekk hjemmel ved uskifte i 1964.

Kjelder:
Digitalarkivet: folketeljingar
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Eirik Haugen

Nuggestugu

Under Gardsøy gnr. 22 bnr. 1

I 1865 var Arne Johannesen f.ca.1824 husmann med jord. Arne Johannesen Blesumeie son til Johannes Olsen Blesumeie vart 1851 gift med Marit Enersdotter Stenen f.ca.1827 dotter til Ener Christensen Stenen. Ved barnefødsel var dei i 1853 på Sæta og frå 1855 på øvre Øiseie som kan vera her, i 1868 er det nemnd Jensstuen. Arne vart registrert som utflytt til Amerika i 1868. Arne og Marit hadde 9 barn:

Johannes f.1851
Anne f.1853
Ole f.1855
Anne Mosine f.1857
Thor 1860-1860
Thor 1861-1861
Iver f.1863
Gunild 1865-1866
Thor f.1868

I 1875 budde Jacob Knutsen Klonesbakken 1839-1928 i Nuggestuen. Jacob son til Knut Pedersen Klonesbakken vart 1877 gift med Sigrid Olsdotter Pillervikeie 1855-1941 dotter til Ole Iversen Pillervigseie. Frå 1878 vart Jacob og Sigrid nemnde som husmenn på Ulsletten, dei hadde 3 barn:

Knut f.1875
Eli f.1878
Eline f.1885

I 1900 budde Hans H Stade f.1818 i Nuggestugu, han var ugift og understøtta av fattigvesenet. Hans var son til Hans Hansen Stade 1785-1860 og Jørand Hansdtr. Olstad s. 1788-1828.

I 1910 budde enkja Rønnaug Øy f.1829 i ei stugu ved Nugga. Dette kan vera Rønnaug Hansdotter 1831-1921 Gardsøy, dotter til Hans Olsen Øy 1784-1875 og Barbro Pålsdtr. Blessom n. 1795-1869. Rønnaug var gift med Iver Hansen Lunde u. f.1819, han selde uppigard Lunde til nigard.

Nyheim gnr. 22 bnr. 5 vart frådelt frå Gardsøy i 1913 med skjøte til Kari Visdal for kr 450. Men alt året før hadde ho skrivi ut ein panteobligasjon på kr 1000. Kari 1863-1936 var frå uppigard Visdal, dotter til Kari Nilsdtr. Visdal 1836-1908 og Jakob Johnsen Valde s 1814-1883.

I 1921 var det skjøte frå Kari Visdal til Augusta Holmbo for kr 9000.

Nuggestugu gnr. 22 bnr. 14 vart frådelt frå Nyheim gnr. 22 bnr. 5 i 1931 i samband med salg av Nuggestugu frå Augusta Holmboe til Anton Berg d.1965.

Nils og Reidar Berg fekk i 1965 hjemmel som testamentsarvingar etter Anton Berg. I 1985 fekk Reidar Berg f.1948 skjøte også på den andre halvdelen.

Attverande eigedom av **Nyheim** gnr. 22 bnr. 5 etter at Augusta Holmbo selde Nuggestugu i 1931 er Augustahuset. I 1944 var det hjemmelsovergang til testamentsarving Hanna Tornberg som same året selde eigedommen til Vågå ysteri for kr 7500.

Kjelder:
Digitalarkivet: folketeljingar, kyrkjebøker, panteregister mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gardsøy – vollen

Gardstomte gnr. 22 bnr. 51, Øygardsvegen 13, vart frådelt frå Gardsøy i 1952 med skjøte frå Anne Øi til Torkill Kvarberg. I 1986 var det skjøte til Hans Kvarberg f.1938 og Liv

Kraggerud f.1941, Torkill og Aslaug Kvarberg skulle ha bruksrett. Ståle Skogen f.1993 har heimel frå 2024.

Øygardsvegen 16, gnr. 22 bnr. 1 bnr. 24 er feste som er oppretta i 1997 tid til Geir Inge Stadeløkken f.1969 og Tine Helen Stadeløkken f.1970 har heimel.

Bjørkebakken gnr. 22 bnr. 24 Øygardsvegen 18 vart frådelt frå Gardsøy i 1939 med skjøte frå Anne Øi til Sig. Eriksen. I 1963 var det skjøte på gnr. 22 bnr. 24 og 42 samt gnr. 21 bnr. 20 frå Sigurd Alf Eriksen til Peer Dahl. I 1973 var det skjøte på det same til Ragnvald Frisvold. Manuel Simon Sturm f.1989 har heimel frå 2026.

Jensstueåkeren gnr. 22 bnr. 44 vart frådelt frå Gardsøy i 1950 med skjøte i 1951 til Jørgen Haugen f.1887. I 1969 var det skjøte til Olav I Haugen.

Ro gnr. 22 bnr. 66 Nuggevegen 9 vart frådelt frå Gardsøy og Jensstueåkeren i 1958 med skjøte frå Anne Øi og Jørgen Haugen til Ola Ulvolden.

Gardsøyvolden gnr. 22 bnr. 137 vart frådelt frå gnr. 22 bnr. 44 i 1976 med skjøte i 1977 frå Olav I Haugen til Vågå kommune. Erling Aasen fekk i 1977 festekontrakt gnr. 22 bnr. 137 f.nr. 1, dette er ein del av Nuggevegen 12.
Trond Ulvolden fekk i 1977 festekontrakt gnr. 22 gnr. 137 bnr. 2, dette er delar av tomta i Øyavegen 2.

Nuggevegen 14. Tomt nr. 3 gnr. 22 bnr. 142 vart frådelt frå gnr. 22 bnr. 44 i 1979 med gåvebrev i 1981 frå Olav I Haugen til Ingrid Lium f.1951. I 1984 var det skjøte til Sølfest Frisvold 1895-1988, Dagny Frisvold overtok ved uskifte. I 1991 var det skjøte til Gunnar Partapouli f.1935.

Utstillingsplassen gnr. 22 bnr. 169. På dette tomteområdet med adresser i Øyavegen, Øyastubben og Nuggevegen er tomtene med festenr. 4, 5, 6, 7, 9, 11, 12, 13, 14, 17, 18 og 19 samt gnr. 22 bnr. 188, 189 og 244. Vågå kommune fekk i 1975 festekontrakt på vel 14 da festenr. 7, dette er truleg dette området.

Heimtun gnr. 22 bnr. 126, Øystubben 3 vart frådelt frå Gardsøy i 1970 med skjøte frå Anne Øi til Magnhild Skjellum f.1932.

Bjørkvoll gnr. 22 nr. 18 Vollvegen 21 vart frådelt frå Gardsøy i 1935 med skjøte frå Mari Øy til Hans Skjellum. Tilleggsareal gnr. 22 bnr. 30 vart frådelt frå Haugøy i 1943 med skjøte i 1961 til Hans Skjellum. Heimbu gnr. 22 bnr. 160 Vollvegen 19 vart frådelt som ei eige tomt i 1988. Borghild Skjellum overtok heimelen ved uskifte.

Murstad gnr. 22 bnr. 78 Vollvegen 25 vart frådelt frå Gardsøy i 1965 med skjøte frå Anne Øy til Vågå kommune og vidare same året til Kjell Berg.

Øitun gnr. 22 bnr. 121 Vollvegen 23 vart frådelt frå Gardsøy i 1970 med skjøte frå Anne Øy til Alf Øyen f.1933.

Vollvegen 27. Vågå kommune fekk i 1952 feste på 10 da frå Gardsøy, festekontrakta vart i 1961 transportert til OKB. På øvre del av tomta, Vollvegen 27 gnr. 22 bnr. 202 er det bygd omsorgsbustader.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister

Øvre Øy – Haugøy, gnr. 22 bnr. 2

Oluff Øverøy vart nemnd i skattelister frå 1610 til 1625.

Sonen Jon Olsen var 81 år i 1666, dvs. f.1585 d.1684, koppskatten 1645 nemnde Jon. Jon var gift med Rønnaug Larsdotter Kvarberg d.før 1684 dotter til Jakob Larsen Kvarberg f.ca.1575 d.ca.1660. Dei hadde 4 barn:

Ola d.1708, neste brukar
Lars d.før 1708, til Bolstad
Rønnaug, g.til nordgard Blessom
Ymbjør

Ola d.før 1708 overtok Haugøy. Han var gift med Else Johannesdotter d.1717, dei hadde ikkje barn. I 1711 var det Else som stod oppført som brukar.



Haugøy. Foto frå Hans Joramo.

Neste brukar vart brorsonen Johannes Larsson Bolstad d.1719, han overtok etter 1711. Johannes var gift med Torø Larsdotter uppigard Ner-Øy, dei hadde sonen

Lars f.ca.1717 d.1802, seinare brukar

Enkja Tore Larsdotter fekk skjøte i 1721 på Øverøy på til saman 3 huder inkl. 3 skinn som ho eigde frå før, prisen var 80 rd. pr. hud. Torø Larsdotter gifta seg opp att med Anders Jacobsen Austrem n. f.ca.1675 og dei dreiv garden i ca. 20 år. Anders og Tore hadde 3 barn:

Johannes 1723-1808, g.m. Gunhild Tjøstelsdotter Kleppe s. f.ca.1728 d.1814
Randi 1724-1805, g.m. Ole Olsen Raastad 1715-1797
Marit f.ca.1725 d.1818, g.m. Iver Jonsen Blessum s. f.ca.1709 d.1762

Anders Jacobsen Øy selde og skjøta øvre Øy 3 huder til stesonen Lars Johannessen i 1740, Anders og Torø fekk føderåd. Lars vart 1741 g.1.m. Kari Iversdtr. Kvarberg n. 1721-1753, dei hadde 4 barn:
Anne 1742-1745
Johannes 1745-1749
Anne f.1746
Johannes 1751-1754
Lars g.2.m. Torø Hansdtr. Valde n. d.1758, dei hadde 1 barn:
Kari f.1755
Lars g.3.m. Åste Tjøstolvdtr. Kleppe s. f.ca.1731 d.1802, dei hadde 5 barn:
Imbiør 1761-1851, g.m. Nils Fredriksen Strand n. 1764-1854, på Strand n.
Anne 1763-1850, g.1780 m. Ole Tordsen Harildstad 1758-1831, på Gardsøy
Johannes 1766-1842, neste brukar
Rønnaug 1769-1844, g.1792 m. Pål Tordsen Harildstad 1764-1843 (Eidsvollmann), Åmot
Torø f.ca.1774, g.m. Iver Iversen Sandbu n-n 1769-1847, på Sæta

I 1789 vart det nemnd «uppigard eller nå nørdste» Øy, dette tilseier at garden var flytta før dette.

Johannes 1766-1842 fekk skjøte på Haugøy frå faren i 1799, tinglyst i 1800. I 1803 forpakta Johannes bort Haugøy i 5 år til Paul Paulsen Blessom. Johannes selde i 1815 frå ½ hud sør for Nugga til systersonen på Gardsøy for 800 rbd. Johannes var g.m. Barbro Tordsdtr. Harildstad 1769-1816 dotter til Tord Hansen Tolstad på Harildstad 1736-1818 og Berte Syversdtr. Aasaaren 1739-1772. Johannes og Barbro hadde 1 barn:
Rønnaug nemnd i skifte i 1839
Johannes g.2.m. Anne Tjøstolvsdtr. Kleppe 1788-1833, dei var barnlause.

Bror til Anne, Ola Tjøstolvsen Kleppe 1791-1865 overtok Haugøy i 1833. Han var gift med Gunhild Pålsdtr. Sve 1786-1854 dotter til Pål Tordsen Romundgard 1780-1861 og Anne Syversdtr. Sve 1786-1854. Før ekteskapet hadde Ola med Barbro Gudbrandsdtr. Rusnes 1799-1887 1 dotter:
Barbro 1828-1913, g.m. Ola Jonsen Valde n. 1822-1913, i Barbrostuguen
Ola og Anne hadde 5 barn:
Tjøstel 1832-1912, neste brukar
Anne f.1836, g.m. fehandlar Anders Einarsen Haganes (Sogn)
Marit f.1840, ugift i 1865
Pål f. 1843, g.1870.m. Marit Eriksdtr. Rottemsbakken f.1847
Kari f.1847 d.før 1875, g.1869.m. Johan Marcus Christophersen Marsten (Hole) f.1846

Tjøstel Olsen Haugøy 1832-1912, g.m. Ymbjør Hansdtr. Lunde ø. 1827-1912 dotter til Hans Iversen Lunde ø. frå Viste f.ca.1785 d.1873 og Kari Olsdtr. Siem 1799-1855. Ymjør hadde før ekteskapet 1 barn med fehandlar Erik Ottesen Fjøsne (Sogn):

Kari 1864-1946, ugift, på Haugøy

Tjøstel og Ymbjør hadde 2 barn:

Ola 1868-1955, neste brukar

Hans 1871-1933, ugift

Ola Tjøstelsen Haugøy 1868-1955 overtok Haugøy frå faren i 1888. Han var gift med Anne Johnsdtr. Sagstuen 1890-1973, dotter til John Olsen Bukkesten f.1864 og Kari Jakobsdtr. frå Lom f.1862. Ola og Anne hadde 5 barn:

Trygve 1914-1995, neste brukar

Ymbjørg f.1916, g.m. John J. Ødegården 1912-1990

Olav 1919-1966, ugift

Kristian f.1923, g.m. Ragna Bråten f.1923

Karen f.1923

Olav 1919-1966 var eigar av Haugøy frå 1953 til 1965. Broren Trygve 1914-1995 var eigar frå 1965 til 1995.

Kjelder:
Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slektene på Tolstad og sygard Kleppe
Digitalarkivet: panteregister
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Engebret Hougen, Norsk slektshistorisk tidsskrift 1951: Av hauldeætt, Bondearistokrati i G-d.

Finnbrustugu

Finnbrustugu vart nemnd på 1700-talet. Ole Arnesen fekk i 1751 bygsel på plassen Findbrodstuen frå brukaren av Haugøy. Liste over husmannsskatt til kyrkja i 1780 viser Johan Finbrustuen på ein plass under ein av Øy-gardane. Finnbrustugu har dermed vore på Haugøy-sida av Finna. Eit militærkart frå 1700-talet viser at Finnbrua den tida kan ha vore nedanfor kyrkja. Finnbrustugu vart heilt øydelagd under ofsen i 1789.

Ole Arnesen Findbrustuen var gift med Åste Nilsdotter f.ca.1721 d.etter 1801, Aaste Findbrustuen vart nemnd som fadder i 1747. Ole og Åste hadde 6 barn:

Brit f.1746, g.m. Erland Syversen Øvsteng Aabakken 1739-1820

Niels f.1749, g.m. Ragnhild Håmår n f.1745, g.2.m. Gunhild Jonsdtr. n. Valde 1757-1837. til Klokkargarden.

Johan 1752-1804, neste brukar

Arne 1754-1800 g.m. Sigri Østenddotter f.ca. 1753 d.1836, til Pressmo

Rønoug f.1756-1827, seinare brukar?
Anders 1761-1763

Johan 1752-1804 var kanskje brukar i Finnbrustugu i 1780, han vart same året gift med Marit Nilsdotter nørdre Grindstuen 1760-1805 og kom dit. Dei fekk 7 barn.

Rønnaug 1756-1827 vart 1783 gift med Amund Iversen. Amund vart nemnd som Finnbrustuen i 1783. Amund og Rønnaug kom til søre Grindstugu, dei hadde 2 barn:
Aaste f.1783, g.m. Poul Rasmussen. I Brekka.
Gunhild f.1797, g.m. Jacob Pedersen

Kjelder:
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Fyrustuen – Elvheim

Christen Knudsen var i 1801 husmann utan jord under Haugøy. Ved barnefødslar i 1806 og 1810 vart dette nemnd som Fyrustugu. Christen Knutsen f.ca.1773 d.1834 vart 1795 gift med Guri Pedersdotter f.ca.1775 d.1813. Christen og Guri hadde 7 barn:
Rønnov f.1795
Knut f.1798
Peder 1801-1860, g.m. Rønnaug Olsdtr. 1807-1873. Til Skjellum midtre.
Johannes f.1804
Guri 1804-1804
Lars f.1806, g.m. Mari Jacobsdotter Skjennaeiet, Sel f.ca.1813. Til Volden under nedre Øy
Ole f.1810
Christen vart 1815 gift på nytt med Rønnov Hansdotter Sandbueige f.ca.1772 d.1832.

Iver Hansen Sandbuhaugen f.1833 var i 1875 skreddar og budde i ei stugu under Haugøy. I 1900 vart stugu nemnd som Fyrustugu. Det er usikkert om dette var same plassen som Fyrustugu fyrst på 1800-talet. Iver var gift med Anne Olsdotter f.1841. I 1910 budde Ivar og Anne i det som da vart nemnd som Damstugu. Iver og Anne hadde 6 barn:
Hans f.1861
Anne f.1864
Ole f.1867
Kari f.1871
Anders f.1874
Anton Damstuen f.1889

Anton Damstuen f.1889 var gift med Berte Sæther, Elverum f.1890, dei hadde 7 barn:
Ingvald f.1912
Gunnar f.1914

Asmund f.1917
Else 1920-1994, g.m. Per Runningen f.1917
Ola
Hans
Leif

Elvheim gnr. 22 bnr. 23 Vollvegen 17 vart frådelt frå Haugøy gnr. 22 bnr. 2 i 1939 med skjøte frå Ola Haugøy til Anton Damstuen.

I 1955 var det skjøte til Leif Damstuen d.1970. Enkja Gudrun overtok hjemmelen ved uskifte i 1970.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: folketeljingar
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.



Ved gamle ysteriet. F.v. Kjell, Øyvind og Torbjørn Andersen. Foto frå Kjell Andersen.

Vågå ysteri

Vaagaa ysteri gnr. 22 bnr. 10 vart frådelt frå Haugøy i 1924 med skjøte til Vaagaa ysteri for kr 5000. Gnr. 22 bnr. 12 vart frådelt frå Gardsøy i 1927 med skjøte til Vaagaa fellesysteri for kr 500.

Vågåvegen 35 gnr. 22 bnr. 194 er frådelt bustadtomt i 2003 og seksjonert i 2013.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Vågå innkjøpslag

Vågå indkjøbslag gnr. 22 bnr. 11 vart frådelt frå Haugøy i 1924 med skjøte til Vågå indkjøbslag for kr 100. I 1927 vart gnr. 22 bnr. 13 frådelt frå Haugøy med kjøpekontrakt til Vågå innkjøpslag for kr 2500, skjøte vart skrivi i 1934. Tilleggsareal gnr. 22 bnr. 61 vart i 1955 frådelt frå Haugøy og Brannvoll gnr. 22 bnr. 19 med skjøte i 1956 frå Olav Haugøy og Vågå brannkasse. I 1985 var Vågå innkjøpslag konkurs, og Vågå Autoservice AS overtok i 1986 med skjøte på gnr. 22 bnr. 11, 13 og 61.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Haugøy / Haugøyjordet

Bergstad gnr. 22 bnr. 34, Høynnåkervegen 14, vart frådelt frå Haugøy i 1945 med skjøte frå Ola Haugøy til Johannes Galstad f.1914. Hans Galstad og Elisabeth Alme overtok i 1984. I 1990 var det skjøte til Torleiv Oppen.

Bergstad II gnr. 22 bnr. 36, Haugøyjeilen 1, vart frådelt frå Haugøy i 1947 med skjøte frå Ola Haugøy til Johannes Galstad. Hans Galstad overtok med skjøte i 1984.

Bergstad III gnr. 22 bnr. 37, Haugøyjeilen 3, vart frådelt frå Haugøy i 1947 med skjøte til Johannes Galstad f.1914. I 1970 var det skjøte frå Johannes Galstad til Kari I Bråten.

Haugøyjordet vart frådelt frå Haugøy i 1968 og seld til Vågå kommune som selde tomter vidare i 1970. Dette er i Haugøyjeilen, Høynnåkervegen, Haugøyvegen og Nersløyngen gnr. 22 bnr. 95, 96, 97, 98, 99, 100, 101, 103, 104, 105, 106, 107, 108, 110, 111, 112, 113, 114, 115, 118, 119, 120 og 124.

Bjerke gnr. 22 bnr. 25, Øygardsvegen 11, vart frådelt frå Haugøy i 1941 med skjøte frå Ola Haugøy til svigersonen John Ødegården d.1990. Enkja Ymbjørg Ødegården fekk i 1990 tinglyst hjemmel ved uskifte.

Bjørkstad gnr. 22 bnr. 55, Øygardsvegen 5, vart frådelt frå Haugøy i 1954 med skjøte frå Olav Haugøy til Kristian Haugøy f.1923. Odd Kåre Haugøy f.1954 overtok med skjøte i 1991.

Bilkontoret. I 1949 vart det tinglyst leigekontrakt på 49 år til Ottadalen Bilag, dette var truleg Bilkontoret gnr. 22 bnr. 231/237 Vågåvegen 37. I seinare år er det frådelt tomt gnr. 22 bnr. 233 der det er bygd leiligheiter.

Rugstad gnr. 22 bnr. 47, Nuggevegen 8 vart i 1951 frådelt frå Haugøy, Gardsøy og Gardsvolden gnr. 22 bnr. 6 og 7 med skjøte i 1951 frå Kristian Haugøy, Anne Øy og Anne Olsen til Magne Løkken f.1923. Anne Lise Løkken f.1957 overtok i 1990.

Nuggevolden gnr. 22 bnr. 22 vart i 1939 frådelt frå Haugøy med skjøte i 1941 frå Ole T Haugøy til Torstein Myrum d.1989. Gnr. 22 bnr. 38 og 39 vart frådelt i 1947 og bnr. 62 og 63 i 1956, alt med skjøte i 1956 frå Olav Haugøy til Torstein Myrum. Margot Myrom overtok i 1989 ved uskifte. Nå er dette to tomter gnr. 22 bnr. 62 og 63, Vågåvegen 34 B og A.

Brannvoll gnr. 22 bnr. 19 vart i 1935 frådelt frå Haugøy med skjøte frå Ole Haugøy til Vågå brannassuranseforsikring. Vollan gnr. 22 bnr. 56 vart frådelt i 1955. Bnr. 61 Vågå Innkjøpslag II vart frådelt i 1955. Haugvoll II bnr. 64 vart frådelt i 1956. Attverande areal inngår nå i Haugvoll gnr. 22 bnr. 64, Vågåvegen 34C.

Haugvoll gnr. 22 bnr. 40 vart frådelt frå Haugøy i 1949 med skjøte frå Ola T Haugøy til Einar Melby d.1981. Eldri Melby overtok ved uskifte i 1981. Haugvoll II gnr. 22 bnr. 64 vart i 1956 frådelt til dels frå Brannvoll gnr. 22 bnr. 19 og til dels frå Nuggevolden gnr.22 bnr. 39 med skjøte frå Brannkassa og Torstein Myrum til Einar Melby. Eigedommen er nå gnr. 22 bnr. 64, Vågåvegen 34C.

Vollan gnr. 22 bnr. 56 Vollvegen 8 vart i 1955 frådelt frå Haugøy samt noko frå Innkjøpslaget, Brannkassa og Villa med skjøte i 1955 til Pål Eide d.1967. Barbro Eide overtok hjemmelen ved uskifte i 1967.

Nordstad gnr. 22 bnr. 54 Nuggevegen 2 vart frådelt i 1954 med ca. 2/3 frå Haugvoll gnr. 2 bnr. 40 og 1/3 frå Haugøy med skjøte frå E Melby og Olav Haugøy til Magne Ødegården. I 1980 var det skjøte til Ann Jorunn Korsgaden f.1955 og Ove Steinar Korsgaden f.1948.

Flatmark gnr. 22 bnr. 48 Nuggevegen 6 vart frådelt frå Haugøy i 1951 med skjøte i 1953 frå Kristian Haugøy til Hans O Damstuen 1908-1989. I 1990 var det hjemmelsovergang til Ragnar Damstuen f.1938, Odd Damstuen f.1940, Finn Damstuen f.1942, Aud Storbakken f.1943, Johan Damstuen f.1945, Audun Damstuen f.1950 og Astrid Haldis Damstuen f.1954.

Midttun gnr. 22 bnr. 49 Nuggevegen 4 vart frådelt frå Haugøy i 1951 med skjøte i 1952 frå Kristian Haugøy til Trygve A Kleiven 1925-1982. Anne Kleiven overtok hjemmelen ved uskifte i 1982.

Kroken gnr. 22 bnr. 21, Nuggevegen 1 vart frådelt frå Haugøy i 1938 med skjøte frå Ole Haugøy til Kristoffer Syvergård d.1983. Marit Syvergård overtok ved uskifte i 1983.

Jørstad gnr. 22 bnr. 43 Vollvegen 10 vart frådelt frå Kroken gnr. 22 bnr. 21 i 1950 med skjøte i 1951 frå Kristoffer Syvergård til Johs Løkken 1894-1961. Enkja Kari Løkken overtok i 1961. I 1982 var det hjemmelsovergang til Ola O Sjellum, Barbro M Øvre f.1917, Ola M Sæta f.1918, Ivar Sæta f.1921, Mari Holt f.1926, Jenny Øvsteng f.1928 og Jon Sæta f.1931. Seinare i 1982 var det skjøte til Marit Renaa f.1921.

Sannerud gnr. 22 bnr. 46, Nuggevegen 5 vart frådelt frå Haugøy i 1951 med skjøte frå Kristian Haugøy til Ola P Kleiven d.1978. Eit mindre areal vart samtidig frådelt frå Kroken gnr. 22 bnr. 21. Kari K Kleiven overtok hjemmelen ved uskifte i 1978. I 1979 var det skjøte til Sigurd Vistekleiven f.1949.

Sannerudhagen gnr. 22 bnr. 134 Nuggevegen 3 vart frådelt frå Sannerud gnr. 22 bnr. 46 i 1973 med skjøte frå Ola P Kleiven til dottera Bjørg Jørgine Hernæs f.1928. I 1979 var det skjøte til Kari K Kleiven f.1906 og i 1984 attende til Bjørg Hernæs.

Holland gnr. 22 bnr. 45 Nuggevegen 7 vart frådelt frå Haugøy i 1951 med skjøte i 1952 frå Kristian Haugøy til Tor Dalen d.1984. Eit mindre areal vart samtidig frådelt frå Gardsøy. Marit Dalen overtok hjemmelen ved uskifte i 1984.

Steinset gnr. 22 bnr. 26 Vollvegen 9 vart i 1942 frådelt frå Haugøy med skjøte frå Ole Haugøy til Ole K Rindsæter. Eit tilleggsareal gnr. 22 bnr. 28 frå gnr. 22 bnr. 27 vart lagt til i 1943. I 1946 var det skjøte til Gudmund Berg.

Røisen gnr. 22 bnr. 27 Vollvegen 11 vart frådelt frå Haugøy i 1942 medan Finsrud gnr. 22 bnr. 29 vart frådelt frå Haugøy i 1943, båe med skjøte frå Ole Haugøy til Gustav Skindet. I 1970 var det skjøte frå Gustav Finsrud som han da heitte til Per Riste f.1921. Husa var da ikkje med og skulle nyttast av Gustav og broren Anton d.1971.

Stensvoll gnr. 22 bnr. 32 Vollvegen 15 vart frådelt frå Haugøy i 1943 med skjøte frå Ole Haugøy til Einar Bersvendstuen. I 1987 var det skjøte til Kjell f.1943, Svein f.1946, Helge f.1950 og Olav Bergnord f.1955.

Ytre gnr. 22 bnr, 67 Vollvegen 13 vart frådelt frå Haugøy i 1958 med skjøte frå Olav Haugøy til Sigurd Alf Eriksen. I 1979 var det skjøte til Randi Jorunn Bakke f.1945.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister

Øygardane, frå nedre Øy

Øvre

Ole Hansen vart nemnd som husmann under nedre Øy i liste over husmannspengar i 1777 og 1781, det er mogleg dette var på Øvre. Ole vart 1751 gift med Else Olsdotter, dei hadde 3 barn:

Hans f.1751
Anne f.1758
Kari f.1763

Kanskje var dei også foreldre til:

Ole f.ca.1750, neste brukar

Ole Olsen var i 1801 husmann med jord under Øy. Ole f.ca.1750 vart 1783 gift med Marit Bottolsdotter f.ca.1752. Ved barnefødslar frå 1793 vart Ole nemnd som Øvre. Ole og Marit hadde 6 barn:

Nils f.ca.1786
Elsøe f.1789
Anne f.1793
Ole 1796-1851, g.m. Anne Knutsdotter Bergum Kleppeeige 1797-1844. Til Grønlykkja
Gunild f.1799
Brith f.1803

Jens Johansen Lundeløkken 1773-1851 vart 1813 gift med Rønnaug Jonsdotter Storvik n. 1788-1864 dotter til Jon Hansen Storvik 1744-1816 og Ingrid Eriksdtr. Andvord 1753-1842. I 1815 var Jens og Rønnaug på Viste, i 1818 og 1823 på Øyseie. I 1824 delte Rønnaug og Jens eigedelane mellom seg. Rønnaug var jordmor og budde i Jordmorstugu under prestgarden. Ved skifte i 1851 vart Jens nemnd på Øy, og ved skifte i 1864 vart Rønnaug nemnd på Stokstad. Jens og Rønnaug hadde 5 barn:

John f.1815, smed i Trondhjem 1864
Johannes f.1815, dampskipsmaskinist Trondhjem 1864
Ingri f.1818
Rønnaug Anna Henrike f.1820
Kari f.1823

Svend Olsen vart nemnd som husmann under nedre Øy i liste over husmannspengar i 1832 og 1833. Svend Olsen Sandbuseiege f.ca.1800 d.1839 vart 1824 gift med Else Andersdotter Sandbuseige f.ca.1803 d.1875 dotter til Anders Skjellum. Ved barnefødslar var Svend og Else på Øyseige / Øvre frå 1828. Svend og Else hadde 4 barn:

Thorø f.1824
Barbro f.1828, d.før 1841
Barbro f.1830

Ole f.1837, hadde barna Else Olsdtr. f.1862 og Ole Olsen f.1864 som budde hjå besteforeldra i 1865. Ole g.m. Kari Syversdtr., til Amerika før 1869

Else Andersdotter vart 1842 gift på nytt med Thor Olsen f.ca.1806 d.1893 var son til Ole Olsen Sæta. Thor Olsen var i 1865 og 1875 husmann med jord på Øvre under nedre Øy. Thor og Else var husmannsfolk på Øvre i 1842. Thor og Else hadde 3 barn:

Gunild f.1842, neste brukar
Anders f.1844
Svend f.1847

Ole Ellefsen var i 1891 familiens overhovud. Ole Ellefsen, Sel 1843-1907 var son til son til Ellev Olsen Sandbueie. Ole vart 1869 gift med Gunild Øvre. I 1900 budde familien på Randsroen i Randsverk som tidlegare var sæter til Øvre.

Hans Stenstuen var i 1900 husmann med jord på Øvre under nedre Øy. Øvre gnr. 21 bnr. 4 vart 1906 frådelt frå Øy gnr. 21 bnr. 1 med auksjonsskjøte 1907 til Hans Olsen for kr 1200. Hans Steinstugu 1873-1951 var son til Ole Hansen Øyhuset 1844-1929 og Rønnaug Hansdtr. Steinstugu 1850-1872. Hans var gift med Kari Iversdotter Skjellum 1873-1964. Dei hadde 7 barn:

Ola 1897-1982, neste brukar
Iver 1900-1987, g.m. Hanna J Rundhaugen 1909-1990. Til Lykkja
Ragnild 1903-1997
Eline 1905-1992, g.m. Johannes O Damstuen 1898-1984
Marit 1908-1992, g.m. Erling Nilsplass, Lesja 1908-1981
Anders 1911-1991, g.m. Barbro O Bakke 1913-1995
Harald f.1914, g.m. Barbro M Sæta 1917-1998

I 1941 var det skjøte frå Hans O Øvre til sonen Ola H Øvre for kr 1000. Ola vart 1929 gift med Kari Lillesæter, Heidal 1897-1978, dei hadde 1 barn:

Helge Oddvar f.1933, neste brukar

Helge vart 1962 gift med Anne Haugen f.1933 dotter til Hans J Haugen f.1886 og Rønnaug Barnål, sel f.1886. Helge og Anne overtok i 1977. Helge og Anne hadde 1 barn:

Reidun f.1962, neste eigar

Reidun er gift med Rune Øygard, Skjåk f.1959 son til Bjarne Øygard f.1916 og Olaug Kjeka f.1925.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Pål Øistein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Fellese m/Helle, Helleløkken og Resvold

Sandbakken øvre

Johannes Johannesen Sundeeige (Sundhågåeige) f.ca.1809 d.1830 var son til Johannes Sundeeige. Johannes vart 1830 gift med Kari Olsdotter Øyseige f.ca.1797 d.1879 truleg frå Lykkja dotter til Ole Pedersen Øyseige f.ca.1760 d.1831 og Gunild Jonsdtr. f.ca.1757 d.1836. Johannes og Kari var i Sundhågå i 1832 og på Øyseige i 1837, ved barnedød i 1832 vart dei nemnde på Sandbakken. Johannes og Kari hadde 3 barn:

Johannes 1829-1909, neste brukar
Ole 1832-1832
Ole f.1837, til Målarlykkja

Johannes var i 1865 og 1900 husmann med jord på Sandbakken under nedre Øy. Ved barnefødslar vart han nemnd som husmann frå 1864. Johannes vart 1858 gift med Barbra Iversdotter Øyseige f.ca.1832 d.1866 dotter til Iver Pedersen Øyseige. Johannes og Barbra hadde 3 barn:

Mari f.1858
Johannes f.1860
Iver 1864-1883

Johannes vart 1871 gift på nytt med Kari Gulbrandsdotter Øyseige f.ca.1831 dotter til Gulbrand Storviksneset. Johannes og Kari hadde 3 barn:

Ole f.1867, g.m. Mari Olsdotter Skjellum f.1867. Til Skjellum midtre.
Gulbrand 1871-1956, neste brukar
Anne f.1875

Johannes hadde med Gunild Pedersdtr. Sandbusgarden 1 barn:

Kari f.1853

Sandbakken gnr. 21 bnr. 5 vart 1906 frådelt frå Øy gnr. 21 bnr. 1 med auksjonsskjøte 1907 til Gudbrand J Sandbakken for kr 1250. Gudbrand Sandbakken 1871-1956 selde Sandbakken i 1955.

Eigar 1955-1974 var Arne Sandbu 1912-1996 busett i Asker. Arne var gift med Ingrid Veggum, Sel 1915-1988.
Barna deira overtok i 1974: Synne f.1946, Rønnaug f.1949, Tore f.1950, Olaf.1952 og Anne f.1955.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Målarlykkja

Enkja Kari Olsdotter f.ca.1799 d.1879 budde i 1865 på Ødegaarden og var husmann utan jord. Sonen Ole f.1837 som var målar budde saman med henne. Denne stugu var nedanfor søre Øygarden. Kari Olsdotter Øyseige f.ca.1797 d.1879 var truleg frå Lykkja dotter til Ole Pedersen Øyseige f.ca.1760 d.1831 og Gunild Jonsdtr. f.ca.1757 d.1836. Kari vart 1830 gift med Johannes Johannesen Sundeeige (Sundhågåeige) f.ca.1809 d.1830 son til Johannes Sundeeige. Johannes og Kari var husmannsfolk på Sandbakken. Johannes og Kari hadde 3 barn:

Johannes 1829-1909, Barbra Iversdotter Øyseige f.ca.1832 d.1866. På Sandbakken
Ole 1832-1832
Ole f.1837, neste familie

I 1875 var Ole Johannessen Ødegaarden Øyseie f.ca.1835 inderst på Sætalykkja under nordgard Blessom, men han leigde litt jord der han hadde både korn og poteter samt at han hadde ku, sau og geit. Ole vart 1866 gift med Else Paulsdotter Blessumeige Steinstugu f.1843 dotter til Paul Jacobsen Steinstugu f.ca.1820 og Guri Olsdotter f.ca.1821. Ole og Else var inderstar på Øyseie t.o.m. 1873, i 1876 var dei på Sætaløkken. Ole og Else hadde 5 barn:

Paul 1867-1867
Paul 1868-1871
Guri f.1871
Johannes f.1873
Paul f.1876

Else hadde med Ole Olsen Øyseie 1 barn:

Ole f.1863

Målarlykkja ser ut til å ha vore med da øvre Sandbakken i 1906 vart frådelt frå nedre Øy.

Målarlykkja gnr. 21 bnr. 24 vart 1950 frådelt frå Sandbakken gnr. 21 bnr. 5 med skjøte 1951 frå Gudbrand Sandbakken til Sylfest Skrinde f.1917.

I 1955 var det skjøte frå Sylfest Skrinde til Gunvald Løken f.1930.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Sandbakken nedre

Christen Olsen vart i liste over husmannspengar nemnd som husmann under nedre Øy i 1806. Christen f.ca.1774 d.1834 var son til Ole Knutsen d.ca.1796 og Ingri Olsdotter f.ca.1735 på

nedre Runningen (nørdre Øygarden?). Christen vart 1806 gift med Marit Syversdotter f.ca.1788 d.1862. Christen og Marit hadde 7 barn:

Rønnou f.1803
Ole 1806-1806
Lars f.1806
Ole f.1808-1877, neste brukar
Knut 1816-1825
Syver f.1816
Knut f.1826

Ole Kristensen 1808-1877 var i 1865 og 1875 husmann med jord på nedre Sandbakken under nedre Øy. Ole Christensen skreiv i 1849 ut ein panteobligasjon til eigaren av Øy på 80 spd. Ole Christensen Øyseige var son til Christen Olsen. Ole vart 1829 gift med Kari Pedersdotter Haageenstadeige f.ca.1803 d.1857 dotter til Peder Enersen. I 1843 var Ole og Kari husmannsfolk på Tøfte under Håkenstad, i 1846 var dei husmannsfolk på nedre Øyseige. Ole og Kari hadde 5 barn:

Christen f.1829
Peder f.1833
Ole f.1843
Marit f.1846
Rønnaug f.1850

Ole vart gift på nytt med Anne Eriksdotter, Lesja f.ca.1819. Ole og Anne hadde 2 barn:

Mari f.ca.1861
John f.ca.1865

Svend Olsen Øyseige f.1855 var i 1900 husmann på nedre Sandbakken. Svend var frå nørdre Øygarden son til Ole Bersvendsen Øyseige. Svend vart 1878 gift med Anne Olsdotter Sønstlien f.ca.1856 dotter til Ole Amundsen Sønstlien. Ved barnefødslar var Svend og Anne inderstar på Øygarden i 1887, frå 1890 var dei husmannsfolk på Sandbakken. I 1910 var Svend og Anne husmannsfolk på Øygarden. Nedre Sandbakken ser ut til å ha gått inn i øvre Sandbakken. Svend og Anne hadde 11 barn:

Ole f.1878
Gunild f.1880
Ole f.1883
Mathias f.1884
Anders f.1887
Jakob f.1890
Anton f.1891
Syver f.1893
Ragnhild f.1896
Otto f.1898
Gunhild f.1901

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Runningen

Amund Olsen var i 1801 husmann med jord under Øy. Amund f.ca.1745 vart 1791 gift med Eldri Iversdotter f.ca.1753 d.1807. Ved barnefødsel i 1790 og 1793 vart Amund nemnd som Rydningen. Også i liste over husmannspengar i 1806 vart han nemnd som Rønningen, i liste 1776 var Amund Olsen inderst på nedre Øy. Amund og Eldri hadde 4 barn:

Kari f.1775
Peder f.1778
Iver 1790-1846, neste brukar
Knut 1793-1794

Iver Amundsen vart i liste over husmannspengar 1832 og 1833 nemnd som husmann under nedre Øy. Iver vart 1815 gift med Marit Jacobsdotter Øyseige f.ca.1785 d.1868. Iver og Marit hadde 6 barn:

Amund f.1845, neste brukar
Jakob f.1817
Charlotte f.1820
Knut f.1822
Peder 1825-1829
Gunhild f.1828, ho var gift og budde i 1865 på Runningen saman med barna Anne f.ca.1853, Marit f.ca.1858 og Johanne f.ca.1861 Jakobsdøtre.

Amund vart 1842 gift med Maren Johannesdotter Thingvaldseige, Land f.ca.1810. I 1865 var Maren husmann med jord på Runningen under nedre Øy. Amund og Maren var husmannsfolk på Moen i 1844 og på Øyseige frå 1847. Amund og Maren hadde 5 barn:

Iver f.1842, til Christiania 1858
Karen f.1844
Ole f.1847, neste brukar
Johan f.1851, til Amerika 1888
Anne f.1855-1938, til Amerika 1879. g.m. Ole Simonsen Sæta.

Ole var i 1875 husmann med jord på Runningen under nedre Øy, i 1878 reiste han til Amerika. Ole vart 1874 gift med Marthe Syversdotter Aasaareneige, Sel f.ca.1851. Ole og Marthe hadde 2 barn:

Mari f.1874
Amund f.1877

John O Runningen f.1866 var i 1900 husmann med jord på Runningen under nedre Øy. John Olsen Grovdalen var son til Ole Jakobsen. John vart 1889 gift med Marit Jørgensdotter

Bakken f.ca.1858 d.1898 dotter til Jørgen Eriksen. Ved barnefødslar var familien på Runningen under Øy frå 1893. John og Marit hadde 3 barn:

Marit f.1890
Jørgen f.1893
Anne 1896-1898

John vart1900 gift på nytt med Gunhild Knutsdotter Haugen f.1857 dotter til Knut Eriksen. Familien kom seinare til nedre Vistekleiven, og i 1920 var dei på søre Bakken i Synslien. John og Gunhild hadde 3 barn:

Kari f.1899
Hans f.1905
Torsten f.1907

I 1910 var Hans Runningen husmann på Runningen. Hans Hansen Gudbrandstuen Jeilen 1861-1939 var son til Hans Hansen Gudbrandstuen 1833-1915 og Kari Hansdtr. Åsengeie f.1835. Hans vart 1891 gift med Ragnhild Syversdotter Storviksæter 1869-1956 dotter til Syver Knutsen Bråten 1842-1919 og Mari Hansdotter Bjørnstadeie Øyhusom 1848-1942. I 1900 budde familien i Villasætra, i 1910 på Runningen under Øy, i 1920 i Søremssætra og ei tid i ei stugu ovanfor Stormyren. Seinare har dei kome hit. Hans og Ragnhild hadde 7 barn:

Syver 1889-1892
Syver 1892-1932, g.m. Ragnhild Antonsdtr. Kveen 1895-1932
Kari 1899-1981, g.m. Thor Olsen Nordal f.1891. Til Løkjeranden.
Mari 1900-1978, neste eigar
Helga 1903-1966, g.m. Iver Sveen 1908-1991. Til nedre Åsen.
Hanna 1906-1989
Ragnhild 1910-1994, g.m. Jonas Berget, Dombås 1909-1975.

Runningen gnr. 21 bnr. 10 vart frådelt frå Øy gnr. 21 bnr. 1 i 1913 med skjøte frå Iver J Jøndal til Hans O Helleløkken for kr 2000. I 1937 vart det tinglyst gjeldsordning for Hans O Helleløkken. Hans Øygarden var gift med Anne Helleløkken, dei hadde 7 barn:

Ola 1898-1987, neste brukar
Anton
Marit
Kari
Ragnhild
Karen
Paul

Ole H Runningen fekk i 1940 auksjonsskjøte på Runningen samt gnr. 71 bnr. 4 for kr 3014.

Gunnar Bakken f.1941 kjøpte Runningen i 1979 av Ola Runningen. Gunnar eig Sjugurdgard og bur der.

Noret's Småttebu gnr 21 bnr 46 Øygardsvegen 154 vart frådelt frå Runningen i 1988 med skjøte til Norunn B Tokerud frå Ola H Runningens dødsbu for bebyggelse og frå Gunnar Bakken for tomta.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Øygarden nørdre – Svendsplassen

Ole Knutsen fekk i 1754 husmannskontrakt med Knut Øy om plassen nedre Runningen, han skal svara 15 dagar slått. Nørdre Øygarden ligg nedanfor Runningen slik at namnet kan tyde på at det var her. Husa har han betalt 40 rd. for. Ole Knutsen d.ca.1796 var gift med Ingri Olsdotter f.ca.1735, i 1801 hadde ho føderåd på hjå sonen Ole. Det var skifte etter Ole Knutsen Øy i 1796. Ole Knutsen vart nemnd som husmann under nedre Øy i liste over husmannspengar 1777. Ein Ole og Ingri hadde 6 barn:

Ole f.ca.1760 d.1829, neste brukar
Jacob f.1765
Knut f.1771
Christen f.1776, g.m. Marit Syversdtr. f.ca.1788 d.1862. Til nedre Sandbakken
Anne
Imbiør

Ole Olsen var i 1801 husmann med jord under nedre Øy. Ole var gift med Imbjør Amundsdotter f.ca.1755. Dei to fyrste barna vart fødde på Sæta. Ole og Imbjør hadde 3 barn:

Ingri f.1785
Guri f.1788, g.m. Ole Larsen Rusten u. Kleiven f.1794
Imbjør f.1790

Svend Jacobsen vart i liste over husmannspengar 1832 og 1833 nemnd som husmann under nedre Øy, i 1865 var han føderådsmann på Ødegaarden. Svend var truleg son til Jakob Pedersen Steinen f.ca.1758 d.1833 og Gunhild Svendsdtr. f.ca.1759 som i 1801 var tenestefolk på nedre Øy. Sven f.ca.1789 d.1871 vart 1819 gift med Marit Johannesdotter Lundeeige f.ca.1793. Svend og Marit hadde 4 barn:

Gunild f.ca.1820, neste brukar
Eli f.1823
Ingeborg f.1826
Jacob f.1831

Gunhild vart 1854 gift med Ole Bersvendsen Øyseige Bersvendstugu f.ca.1826 son til Bersvend Nilsen Øyseige. Ole var i 1865, 1875 og 1900 husmann med jord på Ødegaarden / Svensplassen. Ole og Gunild hadde 4 barn:

Bersvend f.1853
Svend f.1855, neste brukar
Anne f.1859
Marit f.1862

Svend var i 1910 husmann på Ødegaarden. Svend vart 1878 gift med Anne Olsdotter Sønstlien f.ca.1856 dotter til Ole Amundsen Sønstlien. Ved barnefødslar var Svend og Anne inderstar på Øygarden i 1887, frå 1890 var dei husmannsfolk på Sandbakken og Svend var i 1900 husmann på nedre Sandbakken. Svend og Anne hadde 11 barn:
Ole f.1878
Gunild f.1880
Ole f.1883
Mathias f.1884
Anders f.1887
Jakob f.1890
Anton f.1891
Syver f.1893
Ragnhild f.1896
Otto f.1898
Ragnhild f.1901

Ødegaarden nordre gnr. 21 bnr. 11 vart frådelt frå Øy gnr. 21 bnr. 1 i 1916 med skjøte frå Iver Jøndal til Ole Svendsen Ødegaard for kr 1900. Men i 1920 budde det ikkje nokon på Øygarden.

I 1921 var det skjøte frå Ole S Ødegard til Martinus Syversen Pladsen for kr 4000. Martinus Pladsen fekk i 1937 auksjonsskjøte for kr 2000. Martinus Plassen 1884-1955 var son til Syver O Plassen og Mari Arnesdtr. Martinus vart 1906 gift med Anne Løkken, 1884-1949. Martinus og Anne hadde 5 barn:
Syver 1905-1974, neste brukar
Albert f.1908
Gudrun f.1911
Marie f.1911
Magnhild f.1920

Syver overtok etter faren i 1953. Syver vart 1937 gift med Ragnhild Sæta f.1917 dotter til Simen K Sæta f.1876 og Tea Volden, Lom f.1872. Syver og Ragnhild hadde 6 barn:
Anne Marie f.1939
Tor f.1940, g.m. Aud Barhaugen
Rolf Steinar f.1943, g.m. Mary-Anne Anderson
Edvin Ragnar f.1949, g.m. Mai Britt Olsen
Jens Kåre f.1952, g.m. Anne Toril Slåen
Stein Egil f.1956, sbm. Liv Sagdalen

Bustad gnr. 21 bnr. 33 vart frådelt frå Øygarden i 1971. Dette er bustadhus ved gardstunet. Rolf Steinar f.1943 bygde her. Han var gift med Mary-Anne Anderson, dei har 3 barn:

Svein Erlend f.1964
Reidun f.1966
Rolf Arne f.1967, g.m. Lene Grev
Anders f.1973
Annette f.1980

Rolf Grev f.1967 overtok heimel til nørdre Øygarden gnr. 21 bnr. 11 i 2023.

Solli gnr. 21 bnr. 44 vart frådelt frå Øygarden i 1985. Dette er øvst på eigedommen, ved husa på Sjugurdgard. Stein Egil f.1956 og Liv Sagdalen bygde her.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Seeiendom.no
Torgrim Hegdal: om fødselsår til Guri Olsdotter f.1788

Bruk under nedre Øy 1801

Thore Knutsen var i 1801 husmann med jord under nedre Øy. Det er ikkje kjend kvar dette bruket var. Tore f.ca.1733 d.1818 vart 1756 gift med Randi Amundsdotter f.ca.1731 d.1816. Tore og Randi hadde 3 barn:

Imbjør f.1762
Anders f.1766
Ole f.1769, neste familie

Ole vart 1790 gift med Aaste Jonsdotter f.ca.1759 d.1837. Ved barnefødsel i 1797 står det at Ole var fråverande for lengre tid, i 1801 var Aaste enkje. Ole og Aaste hadde 3 barn:

Ragnild f.1791
Jon f.1793
Gunild f.1797

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Lykkja – Øyalykkja

Peder Olsen f.ca.1729 d.1811 hadde i 1801 føderåd av plassen som sonen hadde. Peder vart 1760 gift med Kari Larsdotter f.ca.1737 d.1821. Peder og Kari hadde 2 barn:
Ole f.ca.1760 d.1831, neste brukar
Rønnoug f.1767

Ole Pedersen var i 1801 husmann med jord under nedre Øy. Ved barnefødsel i 1800 vart han nemnd som Lykken. Ole vart 1793 gift med Gunild Jonsdotter f.ca.1757 d.1836. Ole og Gunild hadde 3 barn:
Kari f.1797
Mali f.1800
Peder f.ca.1803 d.før 1865, neste brukar

Peder Olsen vart nemnd som husmann under nedre Øy i liste over husmannspengar i 1832 og 1833. Peder Olsen Lykken under Øy vart 1833 gift med Rønnog Iversdotter Steinen under Skotlien f.ca.1796 d.etter 1865 dotter til Iver Steinen. Peder og Rønnog hadde 1 barn:
Gunild f.ca.1834, neste brukar

Gunild vart 1854 gift med Ole Olsen Sandbuseige f.ca.1830 d.1881 son til Ole Hansen Sandbuseige. Ole var i 1865 og 1875 husmann med jord på Løkken under nedre Øy. Ole og Gunhild hadde 1 barn:
Peder f.1855

Johan Løkken f.1872 var i 1900 og 1910 husmann med jord på Løkken under nedre Øy. Johan Johannesen Sundhagen var son til Johannes Jakobsen. Johan vart 1895 gift med Rønnaug Eriksdotter Sanden, Sel f.1857 dotter til Erik Pedersen. Johan og Rønnaug hadde 1 barn:
Johannes f.1894

I 1920 var Anton Iversen Damstuen husmann på Løkken under Øy. Ved barnefødslar vart dei nemnde i Lykkja i 1920. Anton var gift med Berte Gundersdotter, Elverum f.1890. Anton og Berte hadde 7 barn:
Ingvald f.1912
Gunnar f.1914
Asmund f.1917
Else 1920-1994, g.m. Per Runningen f.1917
Ola f.1924
Hans
Leif

Løkken gnr. 21 bnr. 12 vart frådelt frå Øy gnr. 21 bnr. 1 i 1932. I 1948 vart det tinglyst erklæring om at Ivar H Øvre hadde heimel til eigedommen, men han har nok overteke i 1932 da han skreiv ut ein panteobligasjon til banken på kr 2000. Ivar 1900-1987 var son til Hans Øvre og Kari Skjellom. Ivar vart 1930 gift med Hanna Rundhaugen 1909-1990, dei hadde 4 barn:
Hans f.ca.1932

Jørgen f.1933, neste brukar
Klara f.1940
Ragnhild f.1942

Jørgen overtok etter faren i 1961. Jørgen vart 1958 gift med Oddrun Sandnes f.1940 dotter til Ragnvald Lillesæter Sandnes, Lom f.1895 og Mari Løften, Lom f.1900. Jørgen og Oddrun har 2 barn:
Ivar f.1958, g.m. Bjørg Diesen
Roar f.1964, g.m. Kari Anne Berget

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Grinden – Eldhuset på nedre Øy

Ole Iversen vart 1799 gift med Anne Pedersdotter. I 1806 vart Ole nemnd som Grinden, i 1815 og 1818 som Øyseige. Ole Iversen vart nemnd som husmann under nedre Øy i liste over husmannspengar i 1806, 1832 og 1833, han hadde i 1832-1833 eit bruk under nedre Øy samtidig som sonen hadde eit bruk under Haugøy. Ovanfor vegen ved Grind-Perheimen er det tomter og murar som tilhøyrer Sandbakken, men det kan vera dette som var husmannsbruket under nedre Øy. På stadnamnkartet står det at dette heiter Eldhuslykkja, eit anna namn som har vore brukt er Eldhusbakken. Ole og Anne hadde 6 barn:
Kari f.1797
Iver f.1803
Peder 1805-1885, g.m. Mari Thoresdotter Lyeneige f.ca.1807 d.1884. Grind-Perheimen
Ole 1808-1868, neste brukar.
Rønnov f.1815
Mari 1818-1818

Ole Olsen 1808-1868 var i 1865 husmann med litt jord i Ildhuset på nedre Øy. Ole var son til Ole Iversen og Anne Pedersdtr. på Grinden. Ole vart 1831 gift med Anne Hansdotter Heldeneige Resvold 1800-1868 dotter til Hans Hansen Resvold 1765-1852 og Kari Johannesdtr. Valde n. 1764-1834. Ved barnefødslar budde familien som inderstar på Stordalen, Moen under prestgarden, Øyseige og Sandbuseige. Ole og Anne hdde 6 barn:
Ole f.1832
Kari 1835-1835
Kari f.1836
Mari f.1840
Hans 1843-1846
Hans 1847-1848

På stadnamnkartet står det at ei som heitte Ymbjør og sonen hennar budde her.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Berget – Øyaberget

Etter Norske gardsbruk har Berget vore i ætta som husmannsbruk under nedre Øy frå ca. 1860. Ole Iversen var i 1865 og 1875 husmann med jord på Berget. Ole Iversen Øyseige Øvergård f.ca.1829 var son til Iver Hansen Øyseige. Ole vart 1855 gift med Anne Gundersdotter Skjedsvoldhaugen f.ca.1826 dotter til Gunder Olsen Skjedsvoldhaugen. Ole og Anne hadde 4 barn:

Mari f.1854
Gunild f.1859
Kari f.1863
Iver f.1868, d.før 1875

Jakob Jakobsen Skjellum f.1868 overtok etter Ola Berget i 1900. Jakob var i 1900 og 1920 husmann på Berget under nedre Øy. Berget gnr. 21 bnr. 14 vart frådelt frå Øy i 1937 med skjøte frå Iver Jøndal til Jakob Jakobsen for kr 1200. Dette omfatta også Sletten som låg ovanfor Berget, husa på Berget er nå der Sletten var. Dei gamle tomtene på Berget låg ovanfor der Ola Ulvolden har bygd bustadhuset sitt. Jakob var son til Jakob Skjellum og Guri Kleiven. Jakob vart 1892 gift med Kari Pedersdotter Skultbakken f.1867, Jakob og Kari hadde 9 barn:

Pauline f.1889
Jakob f.1893
Johan f.1894
Ola f.1895
Gustav 1898-1958
Ragnvald 1900-1982, neste brukar
Knut Anders f.1903
Hanna f.1905, g.m. Iver Iversen Øien 1896-1972. Til Folkvang.
Paul f.1908

Ragnvald fekk tinglyst erklæring om heimel til eigedommen i 1957.

Egil Strømstad overtok i 1981 etter Ragnvald Berget som var bror til morfaren Gustav. Egil var son til John Strømstad, Øyer 1917-1966 og Astrid Berget f.1926. Egil vart 1980 gift med Ragnhild Løkken f.1956 dotter til Jørgen K Løkken f.1921 og Ragna S Sæther f.1922. Egil og Ragnhild har 2 barn:

Ole Christian f.1979

Håvard f.1983

Bustadhuset på Berget **gnr. 21 bnr. 39** vart 1981 frådelt frå Berget gnr. 21 bnr. 14. Ragnhild Løkken Blankenborg f.1956 har heimel frå 1990.

Gnr. 21 bnr. 59 vart frådelt frå Berget gnr. 21 bnr. 14 i 2010. Jørgen Olav Valde f.1980 og Hanne-Kari Bakke f.1979 har heimel frå 2010.

Gnr. 21 bnr. 66 vart frådelt frå gnr. 21 bnr. 63 i 2015. **Gnr. 21 bnr. 63** vart frådelt frå Berget gnr. 21 bnr. 14 i 2013. Ola Ulvolden f.1984 har heimel frå 2013.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Sletten

Hans Isaksen var i 1865 og 1875 husmann på Sletten under nedre Øy. Hans f.ca.1809 d.1887 var frå Karusbakken son til Isak Stordalen. Hans vart 1842 gift med Anne Iversdotter Øyseige Øvergård 1818-1913 dotter til Iver Hansen Øyseige. Anne var i 1900 husmannsenkje på Sletten. Hans og Anne hadde 7 barn:

Mari 1845-1869
Isak f.1848
Iver f.1851, g.m. Marit Hansdtr. Lyeneige f.ca.1856. Til Moen Lyeneige
Anne 1854-1855
Torger f.1856
Kari f.1860, neste familie
Johan f.1865

Hans hadde med Anne Iversdtr. Øygarden under Haugøy 1 barn:

Kari 1840-1855

Hans hadde med Imbjør Hansdtr. Storstenen 1 barn:

Iver f.1841

I 1910 budde den ugifte Kari f.1860 på Sletten. I 1920 budde Kari på Nyheim ved ysteriet. Kari hadde 1 barn:

Hans f.1910

Det ser ut til at Sletten har vorte samanslege med Berget. Husa på Berget er der Sletten var.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Skjellum

Kristian Eriksen var i 1865 husmann utan jord på Skjellum under nedre Øy. Skomaker og enkjemann Christian Eriksen, Nittedal var son til Erik Jensen Haugseige i Nittedal. Christian f.ca.1811 vart 1866 gift med Kari Hansdotter Skjellum f.ca.1830 dotter til Hans Olsen Skjellum Sveeige. Christian og Kari hadde 2 barn:

Emilie f.1867
Anne Marie f.1869

Kari hadde tidlegare 1 barn:

Hans Anders Fredriksen f.ca.1858

I 1875 var enkja Anne Olsdotter f.ca.1809 husmann med litt jord under nedre Øy. Anne hadde 1 barn:

Anne Olsdtr. f.ca.1845

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Plass under nedre Øy 1801

Ole Larsen var i 1801 husmann utan jord under nedre Øy. Det er ikkje kjend kvar dette var. Han vart også nemnd i liste over husmannspengar i 1805. Ole f.ca.1759 vart 1785 gift med Kari Olsdotter f.ca.1764, dei hadde 3 barn:

Lars 1785-1804
Hans f.1788
Else f.1795

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Øygardane, frå nedre Øy uppigard

Øygarden – Pålsonplassen

I 1773 og 1790 var det skifte på plassen Ødegaarden under Øy der Poul Knutsen vart nemnd. Poul Øygaarden vart i liste over husmannspengar nemnd som husmann under nedre Øy uppigard i 1776 og 1780. Povel Knudsen f.ca.1721 d.ca.1790 vart 1753 gift med Ragnhild Knutsdotter f.ca.1727 d.1773. Pål og Ragnhild hadde 4 barn:

Ingeborg f.ca.1753
Anne f.ca.1756
Knut f.1759
Marit f.1762

Pål vart 1784 gift på nytt med Rønnov Olsdotter, dei hadde 1 barn:

Ole f.1785, neste brukar

Rønnaug vart 1794 gift på nytt med Lars Pedersen 1762-1808, truleg på Øyagarden i Skårvangen. I 1801 var Lars Pedersen husmann under nedre Øy uppigard. Lars var samtidig eigar av del av Øyagarden, men truleg var det på Øygarden / Pålsonplassen han vart registrert som husmann.

Ole Paalsen vart 1805 nemnd i liste over husmannspengar som husmann under nedre Øy uppigard som i 1813 kom saman med nigard. Ole vart også nemnd under nedre Øy i 1832 og 1833. Ole f.ca.1785 d.1858 vart 1805 gift med Gunild Olsdotter Bakken 1788-1807 dotter til Ole Knutsen Bakken Øyseige f.ca.1757 og Anne Olsdtr. f.ca.1758 d.1812. Da Ole døydde i 1858 vart han nemnd som Tuvstulen, dette viser at han da budde på sætra.
Ole og Gunild hadde 1 barn:

Rønnov 1807-1873, g.m. Peder Christensen Fyrustugu 1801-1860. Til Skjellum midtre.

Johannes Olsen var i 1865 og 1875 husmann med jord på Ødegaarden under nedre Øy. I 1845 vart det tinglyst skjøte på bygningar og lausøyre på Øygarden frå Ole Paulsen til Johannes Olsen for 50 spd. og føderåd. Johannes Olsen Blessumeige f.ca.1817 d.1900 var son til Ole Olsen Sæta (Semonsæta) 1783-1862 og Gunhild Torsdtr. Sandbueige 1790-1851. Johannes vart 1844 gift med Gunild Pedersdotter Øyseige Skjellum m. 1825-1859 dotter til Peder Christensen 1801-1860 og Rønnoug Olsdtr. 1807-1873. Gunhild overtok dermed etter bestefaren. Johannes og Gunild hadde 7 barn:

Gunild f.1845, g.m. Ole Søremshaugen
Ole f.1847
Ole d.y. f.1850
Peder f.1852, g.m. Rønnaug Johannesdtr. f.1851, til Karusbakken
Rønnoug f.1854, d.før 1868
Rønnoug f.1856
Ingri f.1858

Johannes vart 1868 gift med Rønnoug Pedersdotter Skjellum Sveeige 1828-1914, ho var syster til fyrste kjerringa. Johannes og Rønnoug hadde 3 barn:
Christen 1868-1940, neste brukar
Jacob f.1870
Paul f.1872
Rønnaug hadde før ekteskapet 2 barn:
Ingri Olsdtr. f.ca.1851
Peder Jacobsen f.ca.1857

Kristen Øygarden var i 1900, 1910 og 1920 husmann på Øygarden. Kristen var gift med Marit Hansdotter Hagen 1868-1946 dotter til ugifte Rønnaug Hansdtr. 1840-1920 og Hans Johnsen Hagen f.1835. Kristen og Marit hadde 3 barn:
Johannes 1892-1974, neste brukar
John f.1896
Hans 1905-1996, g.m. Amanda 1904-1991

Ødegården gnr. 21 bnr. 16 vart frådelt frå Øy i 1939 med skjøte 1941 frå Kari Jøndal til Johannes K Ødegården for kr 1500. Johannes vart 1921 gift med Anne Myrom, Sel 1894-1970. Johannes og Anne hadde 6 barn:
Marit f.1921
Magne 1922-1998 g.m. Ingrid 1927-2019
Jo f.1925
Kristen f.1927, g.m. Gunhild Mo
Tora f.1930
Jørgen f.1933, neste brukar

Jørgen overtok etter faren med skjøte i 1970. Han vart 1962 gift med Rønnaug Brennsletten f.1939 dotter til Olaf Holen Brennsletten f.1902 og Mari Snerlebakken f.1911. Dei har 2 barn:
Oddmund f.1958, sbm. Unni Plassen
Jan Ove f.1964, sbm. Astrid Sagengen

Det gamle bustadhuset Pålsonplassen gnr. 21 bnr. 34 Øygardsvegen 144, vart frådelt frå Øygarden gnr. 21 bnr. 16 i 1974 med skjøte 1975 frå Jørgen Øygarden til systera Marit Øygarden f.1921. Jenny Øygarden overtok etter mora. Son til Tora, Gunnar Ahlgren f.1957 overtok heimelen i 2018.

Bustadhuset på Øygarden, gnr. 21 bnr. 70 vart frådelt frå Øygarden gnr. 21 bnr. 16 i 2018.

Hegge gnr. 21 bnr. 25 Øygardsvegen 140 vart frådelt frå Øygarden i 1952 med skjøte frå Johannes K Øygarden til sonen Jo Øygarden f.1925.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Sjugurdgard – Syvergard

Sjugurdgard var husmannsbruk under nedre Øy uppigard som i 1813 kom saman med nigard. Tron Siversen vart 1776, 1777 og 1778 nemnd som husmann under Øy i liste over husmannspengar. Trond f.ca.1701 d.1779 vart 1747 gift med Kari Povelsdotter. Trond og Kari hadde 3 barn:

Siver 1747-1815, neste brukar
Anne 1752-1753
Anne f.1756

Siver var i 1801 husmann med jord. Syver vart 1776 gift med Anne Olsdotter f.ca.1749 d.1834. Siver og Anne hadde 3 barn:

Ole f.1776, neste brukar
Syver 1787-1787
Kari f.1788

Ole vart i liste over husmannspengar nemnd som husmann under Øy i 1805, 1832, 1833 og 1834. Ole vart 1802 gift med Imbjør Olsdotter d.1817. Namna Øygarden og Øyseige er brukte om einannan ved barnefødslar og er nok Sjugurdgard. Ole og Imbjør hadde 5 barn:

Gunild f.1807, d.før 1839
Ole d.e. f.1810
Anne f.1815
Ole d.y. f.1817
Siver 1813-1813

Ole vart 1820 gift på nytt med Marit Iversdotter Steinen f.ca.1789. Ole og Marit hadde 3 barn:

Iver f.1820
Jon f.1824
Syver f.1830

Iver Pedersen f.ca.1799 d.1867 var i 1865 husmann på Syvergaarden. Etter Norske gardsbruk 1953 hadde garden vore i ætta som husmannsbruk i fem ledd. Iver Pedersen Lyeneige var son til Peder Christensen. Iver vart 1829 gift med Mari Andersdotter Sandbuseige f.ca.1807 d.1845 dotter til Anders Rasmussen. Ved barnefødslar til 1835 var Iver og Mari husmannsfolk på Moen under Lye, frå 1837 på Øyseige / Syvergaard. Iver og Mari hadde 6 barn:

Ranei f.1829
Barbra f.1832
Ragnild 1835-1836
Ragnild f.1837
Anders f.1840, neste brukar

Mari f.1843

Anders Syvergård var gift med Kari Nilsdotter Ødegården f.ca.1840, dei hadde 2 barn:
Iver 1870-1959, neste brukar
Anne f.1874

Syvergard gnr. 21 bnr. 3 vart 1906 frådelt frå Øy gnr. 21 bnr. 1 med auksjonsskjøte 1907 til Iver A Syvergaard for kr 1500. Iver var gift med Guri Gjeilen 1864-1958, dei hadde 7 barn:
Anders
Torstein 1894-1960, neste brukar
Nils
Kristoffer
Mari
Kari f.1909
Hans

Torstein var eigar 1953-1965.

Kari f.1909 og familien budde på bruket. Kari var gift med Johannes Bakken 1899-1974, dei hadde 4 barn:
Einar f.1936, g.m. Gunhild Skålen. På Skålen
Ivar f.1938, g.m. Jorunn Hjelvik. Til Skjellum
Gunnar f.1941, neste brukar
Reidar f.1944, g.m. Reidun Runningen. Til Blessomlykkja.

Gunnar Bakken overtok etter onkelen Torstein i 1965. Han eig også Runningen.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Gunnastad – Eilevstad

Gunnastad var husmannsbruk under nedre Øy uppigard som i 1813 kom saman med nigard. Jacob Gundersen f.ca.1744 d.1819 var i 1801 husmann med jord under Øy, han vart også nemnd i liste over husmannspengar i 1805. Jacob vart 1769 gift med Brith Ellefsdotter f.ca.1747 d.1822. Jacob og Brith hadde 5 barn:
Sigri f.1769
Marit f.1772
Gunder 1775-1787
Ellev 1779-1841, neste brukar
Sigrid f.1786

Elev Jakobsen vart 1810 gift med Anne Jacobsdotter f.ca.1780 d.1867 Ellef vart nemnd som husmann under nedre Øy i liste over husmannspengar i 1832 og 1833. Anne var i 1865 føderådskone på Ellefstad. Eilev og Anne hadde 6 barn:

Brit f.1811
Gunder 1814-1859, neste brukar
Anne f.1817
Rønnou 1820-1899. ugift
Jakob f.1823, g.m. Guri Olsd. f.1824. På Skjellum.
Jakob 1826-1831

Gunder var gift med Rønnaug Olsdotter f.ca.1813 d.1889. I 1865 var Rønnaug husmann med jord på Eilevstad. Gunder og Rønnaug hadde 3 barn:

Jakob f.1844, neste brukar
Anne f.1847
Anne f.1854

Jacob var i 1875 og 1900 husmann med jord på Eilefstad under nedre Øy. Jakob var gift med Ingri Torsdotter, Heidal f.1844. Jacob og Ingri hadde 2 barn:

Ole f.1876, g.m. Ragna Frantsine Bø f.1889
Thor f.1879, neste brukar
Anne f.1881, g.m. Ole Eidsvold Bø 1882-1918, Anne og sonen Invald Olsen Bø f.1908 budde her i 1920

Thor Jacobsen f.1879 var i 1920 husmann på Øyseige under nedre Øy.

Gunnastad vart saman med Lykkja frådelt frå Øy i 1932 som Løkken gnr. 21 bnr. 12. Det var Ivar H Øvre som kjøpte Lykkja og Gunnastad.

Fagertun gnr. 21 bnr. 22 vart 1948 frådelt frå Lykkja med skjøte frå Ivar Øvre til Alf Andersen f.1908. I 1961 var det skjøte frå Alf Andersen på bnr. 22 og 26 til Ernst Eng. I 1989 var det skjøte til Camilla Johansson f.1969.

Øisteine gnr. 21 bnr. 26 vart 1952 frådelt frå Lykkja med skjøte frå Ivar Øvre til Alf Andersen for kr 600. I 1961 var det skjøte frå Alf Andersen på bnr. 22 og 26 til Ernst Eng. I 1989 var det skjøte på bnr. 26 til Reidar Eng f.1952.

Bjørge gnr. 21 bnr. 27 vart 1960 frådelt frå Lykkja med skjøte frå Ivar Øvre til Kaspar Øvstedal. Synnøv f.1949 og Kåre Johan Øvstedal f.1944 overtok med skjøte i 1983.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Øygardane, frå Gardsøy

Øygarden – søre Øygarden

Etter Norske Gardsbruk har slekta vore på Øygarden sidan omkring 1780 da Nils Andersen frå Sandum i Lom rydda der. I 1801 var Nils Andersen f.ca.1764 d.1847 skreddar og husmann med jord under øvre Øy. Soldat Nils Andersen vart 1789 gift med Mari Rasmusdotter f.ca.1766 d.1806. Nils og Mari hadde 6 barn:

Anders f.1790
Rasmus f.1793
Anne f.ca.1796
Hans f.ca.1799 d.1886, neste brukar
Ole f.ca.1802
Iver f.ca.1805

Hans Nilsen overtok i 1830 husa på Ødegaarden under Øy frå faren for 30 spd. Samtidig var det føderådskontrakt om at faren skulle ha føderåd mot at alt han etterlet seg når han døydde skulle tilfalle sonen. Hans var i 1865 og 1875 husmann med jord under øvre Øy. Hans vart 1825 gift med Anne Iversdotter Raastadeige Einstulen 1801-1876 dotter til Iver Olsen Sandbugarden Einstulen f.ca.1775 d.1832 og Anne Olsdtr. 1766-1852. Hans og Anne hadde 5 barn:

Mari f.1824 d.ca.1864, g.1847 m. Ole Olsen Haugen, Dovre f.1813. Storengen på Dovre.
Rønnaug f.1830, g.m. Ole Pedersen Lien f.1826. Til Lien i Holungsøyen.
Nils 1834-1834
Nils f.1835, g.1875 i Ålen med Mari Olsdtr. Lundberg, Værmeland i Sverige f.1832
Iver 1840-1918, neste brukar

Iver var i 1900 og 1910 føderådsmann. Iver vart 1867 gift med Kari Rasmusdotter Grimstadeige 1825-1898 dotter til Rasmus Olsen, Skjåk. Iver og Kari hadde 1 barn:

Mari 1867-1947, neste brukar

Mari vart 1891 gift med Ole Olsen Brekken 1868-1942 son til Ole Iversen Brekken Rokkemoen 1836-1917 og Marit Gregoriusdotter Myrom, Skjåk 1844-1916. I 1900, 1910 og 1920 vart Ole nemnd som husmann. Mari og Ola hadde 7 barn:

Kari f.1891
Anne 1894-1969, g.m. Johan Jotun 1891-1971. Til Brumolykkja.
Ivar 1896-1976, g.m. Ragna Brudal 1899-1961. Til Vestre Gausdal
Olaf 1899-1992, g.m. Ragnhild Fagernes 1920-1995. Til Fagerli og systugu Lunde.
Marit f.1901
Hans 1905-1986, neste brukar
Kristian 1909-1990, g.m. Marie Rudi 1910-1988. Til Lundhaug.

Øygarden gnr. 22 bnr. 52 vart 1953 frådelt frå Gardsøy gnr. 22 bnr. 1 med skjøte frå Anne Øi til Hans O Øygarden 1905-1986 for kr 4200. Hans var den siste som budde på Øygarden.

I 1987 var det heimelsovergang til arvingane Olav Øygarden f.1899, Kristian Øygarden f.1909, barna til Ivar f.1896 (Astrid Kråbøl f.1921, Olav Øygarden f.1923, Oddbjørn Øygarden f.1931) og barna til Anne f.1894 (Julie Jotun f.1915, Mari Jotun Iversen f.1917, Marit Jotun f.1919, Sigurd Jotun f.1922, Olaug Holø f.1926, Kari Jotun f.1928 og Olaf Jotun f.1932).

Samtidig var det skjøte til Olaf Øygarden f.1923, han overtok dermed etter onkelen Hans. Olaf var son til Ivar Øygarden og Ragna Brudal. Olaf var busett på Nes i Hedmark. Olaf vart 1947 gift med Astrid Nilsen, Vestre Gausdal f.1926, dei har 2 barn:

Ivar f.1947
Rune f.1957, neste eigar

I 1988 var det skjøte til Rune Øygarden f.1957. Rune vart 1985 gift med Hanne Sterud Senstad, Nes f.1961 dotter til Johan Senstad f.1930 og Anne Cissel Sterud f.1937. Rune og Hanne har 2 barn:

Hans Mattis f.1987
Ole Emil f.1989

Jordvegen på Øygarden **gnr. 22 bnr. 197** vart frådelt frå Øygarden i 2004 og lagt til Øvergård. Hans Åsen overtok i 2006.

Kjelder:
Digitalarkivet: folketeljingar, kyrkjebøker, panteregister mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Norske gardsbruk 1953-1997

Bakken

Ole Knutsen var i 1801 husmann under Gardsøy, han vart også nemnd i liste over husmannspengar i 1805. Ole f.ca.1757 vart ca.1778 gift med Ane Olsdotter f.ca.1758 d.1812. Ole og Anne hadde 3 barn:

Gunnild 1788-1808, g.m. Ole Poulsen. Til Øygarden Pålsenplassen
Knut 1795-1864, neste brukar
Mari f.1798

Knut Olsen vart i liste over husmannspengar nemnd som husmann under Gardsøy i 1832 og 1833. Knut Olsen Øyseige vart 1816 gift med Anne Pedersdotter Øyseige f.ca.1793 d.1829. Knut og Anne hadde 7 barn:

Ole f.1818, til Christiania
Peder f.1819, til Ålesund

Anne f.1821, g.m. Ole Jeilen
Anne f.1824, til Ringerike
Gunhild f.1826, g.m. Hans Bondestugu 1835-1914
Hans f.1827, til Christiania
Kari f.1829

Enkjemann Knut Olsen fekk med Ane Johannesdotter Sandbakken 1 barn:
Marit 1834-1834

Knut vart 1839 gift på nytt med enkje Marit Hansdotter Ekreeige, Heidal f.ca.1805 dotter til Hans Haugen. Marit var i 1865 og 1875 husmann med jord på Bakken under øvre Øy. Knut og Marit hade 6 barn:
Thora f.1836, g.m. John J Jelet
Hans f.1840, i Christiania i 1864
Anne f.1843, i Ålesund i 1864
Knut f.1847
Marit f.1847, d.før 1864
Ole f.1857

Einar Paulsen Bakken 1852-1929 var i 1900 og 1920 husmann på Bakken. Ener Paulsen Næsset var son til Paul Olsen Næsset. Ener vart 1874 gift med Rønnaug Johannesdotter Øiseige Ødegården 1856-1943 dotter til Johannes Olsen Øiseige. Ved barnefødslar var familien inderstar på Nesset fram til 1886 og frå 1892 husmannsfolk på Bakken under Øy. Einar og Rønnaug hadde 6 barn:
Kari f.1875
Gunhild 1878-1879
Gunhild f.1886
Ragnhild f.1889
Julie f.1892
Ole 1895-1974, neste brukar
Johannes 1899-1974, g.m. Kari Syvergård f.1909

Bakken gnr. 22 bnr. 9 vart 1922 frådelt frå Gardsøy gnr. 22 bnr. 1 med skjøte frå Jacob Øis enkje Mari Øi til Ole E Bakken for kr 2500.

Einar J Bakken f.1936 ovetok etter onkelen Ola E Bakken i 1975. Einar er son til Johannes Bakken 1899-1974 og Kari Syvergård f.1909. Einar vart 1966 gift med Gunhild Skålen f.1931, dei bur på Skålen og har 1 barn:
Jon Harald f.1965

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Øvergaard – Øygarden

Hans Pedersen var i 1801 husmann med jord under Gardsøy, han vart også nemnd som husmann under Gardsøy i 1805. Hans f.ca.1737 vart 1779 gift med Rønnoug Christophersdotter f.ca.1755 d.1782. Hans vart 1783 gift på nytt med Ane Arnesdotter f.ca.1755 d.1829. Hans og Anne hadde 4 barn:

Iver f.ca.1786 d.1861, neste brukar
Imbjør f.ca.1789
Arne f.ca.1793
Randi f.ca.1797

Iver Hansen vart 1812 gift med Eldri Iversdotter f.ca.1782 d.1867. Iver vart i liste over husmannspengar nemnd som husmann under Gardsøy i 1832 og 1833. Eldri var i 1865 føderådskone. Iver og Eldri hadde 7 barn:

Hans f.1813
Iver 1815-1820
Anne 1818-1913, g.m. Hans Isaksen Karusbakken. Til Sletten
Iver f.1821 d.1910, neste brukar
Erland f.1823
Mari f.1826
Ole f.1829, til Berget

Iver Iversen var i 1865, 1875 og 1900 husmann med jord på Ødegaarden under øvre Øy. Iver vart 1848 gift med Guri Olsdotter Sandbuseige f.ca.1824 d.1904 dotter til Ole Hansen Sandbuseige. Iver og Guri hade 6 barn:

Iver f.1848, g.m. Oline Ottosdtr. f.1847
Ole f.1852
Mari f.1855
Rønnoug f.1860
Kari f.1865
Gunild 1869-1876

Øvergaard gnr. 22 bnr. 4 vart 1907 frådelt frå Gardsøy gnr. 22 bnr. 1 med skjøte 1908 frå Jakob og Mari Øi til Peder Karusbakken for kr 1000. Peder Johannesen Øyseige f.ca.1852 d.1913 var son til Johannes Olsen Øyseige. Peder vart 1874 gift med Rønnoug Johannesdotter Myrum f.ca.1853 d.1927 dotter til Johannes Olsen Myrum. I 1900 og 1910 var familien husmannsfolk på Karusbakken. Rønnaug var i 1920 småbrukar på Øvergaard. Peder og Rønnaug hadde 3 barn:

Gunild 1875-1596
Johannes 1877-1877
Ragnhild 1899-1974, neste brukar

I 1934-1935 vart det tinglyst pantobligasjon mm. i namnet til Ragnhild og A O Braaten så da har dei overteke, i Norske gardsbruk står det at dei overtok i 1933. Ragnhild Øvergård vart 1922 gift med Anders O Bråten 1899-1977 son til Mari og Ola Bråten. Anders og Mari hadde 4 barn:

Harald 1922-1991, neste brukar
Ragna f.1923, g.m.
Per
Andreas

Harald overtok i 1971.

Eigar frå 1993 var Astrid og Magne Åsen. Astrid er dotter til Ragna Øvergård f.1923 og Håkon Engen f.1923. Astrid vart 1963 gift med Magne Åsen f.1938, dei bur i Skulmesterstugu. Astrid og Magne har 3 barn:

Hans f.1963
Margrethe f.1964
Knut f.1968

Gardstunet gnr. 22 bnr. 193 vart frådelt i 2002, Margrethe Åsen Pedersen f.1964 overtok dette. Reisten av eigedommen følgjer Skulmesterstugu.

Øygardsvegen 177 gnr. 22 bnr. 146. Einar Nyhus fekk feste på tomt i 1950. Sonen Kjell Nyhus fekk feste på tomt i 1973. Tomter vart frådelte frå Øvergård gnr. 22 bnr. 4 i 1981 og seinare samanføygd til gnr. 22 bnr. 146.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Seeiendom.no

Øygardane, frå Haugøy

Karusbakken

Rasmus Isaksen var i 1776 og 1777 nemnd som husmann under øvre Øy. Rasmus frå Havn i Sel var son til Isach Halvorsen Mo Havn. Rasmus f.ca.1738 d.1784 vart 1771 gift med Aaste Olsdotter f.ca.1736 d.1821 som truleg var frå Nystuen i Sel. Rasmus og Aaste hadde 3 barn:

Marit f.1771
Anne f.1775
Isach 1778-1862, neste brukar

Rasmus hadde med Ragnhild Svendsdtr. 1 barn:

Berit f.1766, til Skjedsvoldhaugen

Isak var i 1801 husmann under Haugøy, og i 1832 og 1833 vart han i liste over husmannspengar nemnd under Haugøy. Isak vart 1798 gift med Kari Torgersdotter f.ca.1775 d.1817. Isak og Kari hadde 7 barn:

Aastøe 1798-1816
Kari f.ca.1800
Rasmus 1803-1881, neste brukar
Torger 1805-1811
Anne f.1808
Hans f.1810, g.m. Anne Iversdtr. Øyseige Øvergård 1818-1913. Til Sletten.
Marit 1813-1814

Isak vart 1818 gift på nytt med Anne Rasmusdotter Huset f.ca.1773 d.1847.

Rasmus vart i liste over husmannpengar nemnd som husmann under Haugøy i 1833. Rasmus vart 1829 gift med Gunild Johnsdotter Bratland 1800-1868 dotter til John Bratland. Ved barnefødslar vart dei nemnde på Karusbakken og Haugøyeige t.o.m. 1845, men i 1865 og 1875 var dei brukarar på Stordalen i Nordherad. Da sonen gifta seg i 1853 vart Rasmus nemnd som Stordalen. Rasmus og Gunhild hade 6 barn:

Isach f.1830, neste brukar
Rannei d.1833
Kari f.1835
John f.1838
Torger f.1841
Ole 1845-1846

Isaach var i 1865 og 1875 husmann med jord på Karusbakken, i 1865 nemnd som Knutsbakken. Isak vart 1853 gift med Barbro Svendsdotter Øiseige f.ca.1829 dotter til Svend Olsen Øiseige. Isak og Barbro hadde 9 barn:

Gunild f.1854
Else 1855-1856

Ole f.1857
Svend f.1860
Else 1863-1864
Anders f.1864
Ole f.1868
Barbro f.1870
Thor f.1874

Peder Johannesen Øyseige f.ca.1852 d.1913 var son til Johannes Olsen Øyseige. Peder vart 1874 gift med Rønnoug Johannesdotter Myrum f.ca.1853 d.1927 dotter til Johannes Olsen Myrum. I 1900 og 1910 var familien husmannsfolk på Karusbakken. Rønnaug var i 1920 småbrukar på Øvergaard som dei kjøpte i 1908. Peder og Rønnaug hadde 3 barn:
Gunild 1875-1596
Johannes 1877-1877
Ragnhild 1899-1974, neste brukar

Karusbakken gnr. 22 bnr. 8 vart 1917 frådelt frå Haugøy gnr. 22 bnr. 2 med skjøte frå Ola T Haugøy til Ole A Flaaten for kr 2000, samt frå Rønnaug Karusbakken til Ole Flaaten for husa kr 2000. Ola var gift med Mari Brekken. I 1937 var det auksjonsskjøte til Mari Flaaten Karusbakken for kr 3100. Ola og Mari hadde sonen
Amund 1904-1974, neste brukar

I 1947 var det skjøte frå Mari Karusbakken til sonen Amund Karusbakken for kr 1700. Amund vart 1931 gift med Olga Bråten, Fåberg 1904-1991, dei hadde 5 barn:
Asmund Magnus 1931-1989, g.m. Marit Synslien
Ola f.1933, til Sør-Amerika
Margit f.1934, var g.m. Per Hovland. Til Nittedal
Astrid Olaug f.1936, g.m. Kjell Danielsen. Til Trondheim
Oddbjørg f.1938, g.m. Gunvald Løken, g.2.m. Arvid Svastuen, Oddbjørg har 2 barn:
Unni Løken f.1958
Arild Løken f.1965

Fortidsminneforeningen har heimel til Karusbakken frå 2022.

Solid gnr. 22 bnr. 88 vart frådelt frå Karusbakken i 1968. Marit f.1942 og Asmund Karusbakken f.1931 fekk skjøte i 1981.

Elihaugen gnr. 22 bnr. 141 vart frådelt frå Karusbakken i 1979. Dotter til Oddbjørg Karusbakken, Unni Løken f.1958 fekk skjøte. Ho var gift med Svein Holen f.1957. Hege Lorentzen f.1960 har heimel til heile eigedommen frå 2005.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Øygarden – Haugøyøygarden

Hans Paulsen vart nemnd som husmann under Haugøy i 1776, 1777 og 1778. Hans f.ca.1735 d.1799 vart 1754 gift med Anne Olsdotter f.ca.1741 d.etter 1801. Hans og Anne hadde 4 barn:
Karen f.1754
Peder 1763-1846, neste brukar
Ragnild f.1769
Synne f.1775

Peder var i 1801 husmann med jord, han vart også nemnd som husmann under Haugøy i liste over husmannspengar i 1805 og 1832. Peder vart 1792 gift med Anne Fridrichsdotter f.ca.1764 d.1834. Peder og Anne hadde 4 barn:
Friedric f.ca.1794
Anne f.ca.1794, g.m. Knut Bakken
Kari f.1796, neste brukar
Hans f.ca.1799, til Ringerike

Kari vart 1824 gift med Paul Andersen Visteeige Kviten f.ca.1783 d.1828. Paul og Kari hadde 1 barn:
Mari f.1824
Kari vart 1830 gift på nytt med Iver Eriksen Sveeige f.ca.1804 son til Erik Sveeige. Iver Eriksen vart i liste over husmannspengar nemnd som husmann under Haugøy i 1833. Iver og Kari vart ved barnefødslar nemnde som husmannsfolk på Øygardenfrå 1833. I 1865 var Iver og Kari husmannsfolk på nørdre Skotlien. Iver og Kari hadde 5 barn:
Marit f.1831
Peder f.1833
John f.1834
Anne f.1837
Kari f.1840

I 1865 og 1875 ser ikkje Haugøyøygarden ut til å vera busett.

John Skjellum 1849-1903 var i 1900 husmann med jord på Ødegaarden under Haugøy. John var frå søre Skjellum under Sve son til Jacob Johanesen Skjellum 1811-1866 og Rønnog Imbertsdotter Thorstuen Øyen 1818-1878. John var gift med Rønnaug Semonsdotter Sæta f.1849. I 1910 var det enkja Rønnaug som var husmann. John og Rønnaug hadde 4 barn:
Jakob 1886-1942, neste brukar
Peder f.1890
Johannes f.1892

Ole f.1895

Ødegaarden gnr. 22 bnr. 16 vart 1932 frådelt frå Haugøy gnr. 22 bnr. 2 med skjøte frå Ola Haugøy og hustru til Jacob J Ødegaarden for kr 3000. Jakob 1886-1942 vart 1911 gift med Ingrid Løken 1889-1981 dotter til Knut Løken og Kari Stadeløkken. Jakob og Ingrid hadde 11 barn:

Ragnvald f.1911
Jon f.1912
Knut f.1916, g.m. Agnes. Til Synnesonstugu
Rønnaug f.1918 g.m. Hans O Bakken (Skultbakken) 1900-1973
Kari f.1920
Gunhild f.1920
Per f.1923, neste brukar
Ragnhild 1925-2006 g.m. Olav Haugdahl d.1997
Ingvald f.1929
Magne 1930-2008, g.m. Else 1932-2008
Gudrun f.1934 g.m. Jon Nedkvitne, Voss

Per overtok i 1955. Han vart 1955 gift med Edith Sveheim, Skarnes f.1932 dotter til Olai Sveheim f.1904 og Maria Johansen f.1912. Per og Edith har 5 barn:

Kari f.1956, g.m. Arvid Hamre
Egil f.1958, var g.m. Toril Tøndevoldshagen
Trond f.1960, g.m. Tora Stefansdtr.
Åse f.1964, g.m. Odd Kongsrud
Berit f.1970, sbm. Frank Larsen f.1965

Gnr. 22 bnr. 68 vart frådelt frå Øygarden gnr. 22 bnr. 16 i 1958. Margrete Åsen Pedersen f.1964 har heimel frå 2015.

Gnr. 22 bnr. 80 vart frådelt frå Øygarden gnr. 22 bnr. 16 i 1966. Berit Hammer f.1942 har heimel frå 2022.

Olabu gnr. 21 bnr. 31 Skjellvegen 30 vart frådelt frå nedre Øy gnr. 21 bnr. 1 i 1970 med skjøte frå John Jøndal til Ola J Ødegården 1895-1970. Testamentarving Magne J Ødegården overtok i 1970. Ragnvald Ødegård f.1911 overtok i 1983. Frank Larsen f.1965 og Berit Øygarden f.1970 har heimel frå 1995.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Seeiendom.no
Olav Haugdahl: epost om barna til Jakob og Ingri

Knutsenplassen – Grind-Perheimen

Peder Olsen var i 1865 og 1875 husmann med jord på Knutsenplassen under Haugøy, han vart også nemnd som husmann under Haugøy i liste over husmannspengar i 1832-1833. Peder Olsen Øyseige var son til Ole Iversen Grinden og Anne Pedersdtr. Peder vart 1828 gift med Mari Thoresdotter Lyeneige f.ca.1807 d.1884 dotter til Thore Smeed. Ved barnefødslar vart Peder og Mari nemnde som husmannsfolk frå 1831 på Knutsonplassen eller Sandbakken under Haugøy. Peder og Mari hadde 6 barn:

Anne f.1828
Anne f.1831
Ole f.1834
Thore f.1837
John f.1841
Ole f.1844

Det ser ut til at Knutsenplassen har vore med da Karusbakken vart frådelt frå Haugøy i 1917. Grind-Perheimen gnr. 22 bnr. 73 vart frådelt frå Karusbakken gnr. 22 bnr. 8 i 1964 med skjøte 1965 frå Amund Karusbakken til sonen Ola Karusbakken f.1933. I 1976 var det skjøte til Astrid Moen Vindenes f.1945. I 1986 var det skjøte til broren Leif Moen f.1946. Eirik Schjølberg f.1994 har heimel frå ca.2020.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Tørrstugulykkja

Johannes Haugøy selde i 1815 ½ hud sør for Nugga til systersonen på Gardsøy. I 1865 var Ole Olsen f.ca.1800 inderst i Tørkestueløken, men jorda vart brukt av Gardsøy. Ole var gift med Anne Olsdotter f.ca.1821, dei hadde 2 barn:

Gunnild f.ca.1859
Barbro f.ca.1861

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Bruk under Haugøy 1801

Jacob Eriksen f.ca.1745 d.1812 var i 1801 husmann under Haugøy. Jakob var truleg frå Sandbu sygard nord uppistugu son til Erik Gulbrandsen Åsen og Marit Jakobsdtr. Jakob var

truleg han som i 1766 vart gift med Marit Iversdotter, men det kan og vera han som i 1767 vart gift med Guri Larsdotter f.ca.1735 d.1782. Barn som desse to som heitte Jakob Eriksen hadde var:

Gulbrand f.1767
Erik f.1770
Guri f.1775
Marit 1780-1780
Johannes f.1783

Jakob vart 1789 gift på nytt med Marit Syversdotter, dei hadde 2 barn:

Hans f.1789
Jakob f.1792

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.